



# **Høyring – forslag til forenklingar av saksbehandlingsreglane i jordskiftelova mv.**

# Innhald

1.	Innleiing – kva saka gjeld .....	3
2.	Bakgrunnen for forslaga .....	3
3.	Gjeldande rett .....	5
3.1.	Saksførebuing, krav om sak og jordskifteretten si saksstyring og planlegging for å gjennomføra saka .....	5
3.2.	Mekling, rettsmekling og rettsforlik.....	7
3.3.	Forslag til løysing ved rettsfastsetjande og rettsendrande saker...	9
3.4.	Avgjerdsformer, § 6-23 .....	9
3.5.	Andre tema.....	10
4.	Om endringsbehovet.....	10
5.	Departementet sine vurderingar og forslag.....	11
5.1.	Innleiing.....	11
5.2.	Saksførebuing, krav om sak og jordskifteretten si saksstyring og planlegging for å gjennomføra saka.....	11
5.3.	Rettsmekling .....	17
5.4.	Forslag til løysing ved rettsavklarande og rettsendrande saker	27
5.5.	Avgjerdsformer.....	28
6.	Økonomiske og administrative konsekvensar .....	33
7.	Merknader til forslaga .....	33
	Vedlegg 1 Lovforslag.....	39
	Vedlegg 2 Endring av rettsgebyrforskriften .....	43
	Vedlegg 3: Forenkling av jordskiftelovens saksbehandlingsregler, rapport frå Domstoladministrasjonen 31. januar 2023.....	43
	Vedlegg 4: Høyringsuttaler frå jordskifterettane til Domstoladministrasjonen sin rapport. ....	43

## 1. Innleiing – kva saka gjeld

Landbruks- og matdepartementet sender med dette på høyring forslag til endringar i saksbehandlingsreglane i jordskiftelova, [lov 13. juni 2013 nr. 100](#). Formålet med forslaga er å forenkle saksbehandlingsreglane i lova med sikte på at dei i større grad enn i dag opnar for at saksavviklinga kan gå raskare utan at det reduserer rettssikkerheita for partane. Departementet foreslår også ei utviding av den materielle kompetansen jordskifterettane har i dag, slik at det kan gjennomførast rettsmekling i rettsendrande saker.

Landbruks- og matdepartementet gjer merksam på at Oslo og Østre Viken jordskifterett ved brev til departementet datert 24.februar 2026 (sak 24/366) har foreslått å endra jordskiftelova § 4-1 bokstav b. I forslaget har jordskifteretten vist til at innhaldet i føresegna er uklart og at uklarheita har auka som følgje av ei avgjerd i Høgsterett sitt ankeutval, sjå HR-2024-578-U. Sør-Rogaland jordskifterett og jordskiftelagdommaren i Gulating har også i ein e-post datert 3. mars 2026 gjeve uttrykk for at føresegna bør endrast. (E-posten er lagt på same saksnummer.) Notatet departementet no sender på høyring, gjeld saksbehandlingsreglane i jordskiftelova. Forslaga i innspela departementet har motteke om endring av § 4-1 gjeld materielle endringar i jordskifteretten sin kompetanse, og vil krevje nærare utgreiingar som kan føre til forseinkingar i framdrifta for eventuelle endringar av saksbehandlingsreglane. Departementet går difor ikkje inn på ei drøfting av desse innspela i dette høyringsnotatet.

## 2. Bakgrunnen for forslaga

### 2.1. NOU 2020:11 Den tredje statsmakt

Forslaga i høyringsnotatet har samanheng med endringane jordskifterettsleiar Øystein Jakob Bjerva foreslo i rapporten *Jordskifterettens saksbehandlingsregler – forslag til forenkling og økt fokus på effektivitet*. Rapporten var utarbeidd på oppdrag frå Domstolkommisjonen, og var vedlagt NOU 2020:11 Den tredje statsmakt. Kommisjonen drøfta forslaga i kapittel 26.

Domstolkommisjonen la til grunn at utvikling av saksbehandlingsreglane i jordskiftelova må skje i nært samarbeid med jordskifterettane sjølve. Tilrådingane frå kommisjonen må såleis sjåast som tilrådingar av meir overordna karakter. Kommisjonen ga elles uttrykk for at saksbehandlingsprosessen bør verte meir effektiv enn i dag. Det vart vist til at saksbehandlingstida i jordskifterettane er lang, og at kostnadane for samfunnet ved behandlinga kan vera store. Kommisjonen tilrådde, i tråd med tilrådinga frå Bjerva, følgjande endringar:

- Reglane i jordskiftelova §§ 6-21 og 6-22 om forslag til jordskifteløysingar bør vera meir fleksible enn i dag.
- Jordskifteretten bør, utan omsyn til kva partane meiner om det, kunne fastsetja ein forenkla prosess i oversiktlege saker der retten meiner det ikkje byr på tvil å følgje ein forenkla prosess.
- Ingeniørane bør kunne gjennomføre teknisk førebuing for jordskifteretten.
- I rettsfastsetjande saker bør disposisjonsprinsippet styrkjast. Partane bør såleis sjølv ta stilling til kva for grenser jordskifteretten skal behandle. Det er

ikkje naudsynt å gjennomføre sakleg og geografisk avklaring jf. jordskiftelova § 6-9.

- Avgjerdsforma ved rettsfastsetjande saker bør forenklast slik at avgjerd om sakskostnader blir ein del av dommen.
- Ein ingeniør som har vore rettsmeklar, bør får utvida mynde til å seie avgjerd om resultatet av merke- og målearbeid samt sakskostnader etter jordskiftelova, og det bør innførast ei eiga formalisert ordning med jordskiftetekling.
- Skranken i jordskiftelova § 6-26 første ledd om kva det kan gjerast rettsforlik om, bør fjernast. Moglegheita til å gjere rettsforlik bør vere den same som moglegheita er i ei sak som vert behandla av tingretten.

Kommisjonen tilrådte også at ei rekkje mindre forslag til lovendingar som var sett fram i Bjerva sin rapport, vert følgde opp vidare. Forslaga gjaldt endringar for jordskifteretten som skjønnsrett, innkalling til første rettsmøte i saka, avgrensingar i retten til å krevje sak etter jordskiftelova og reglane om innkalling til første rettsmøte.

## **2.2. Rapport datert 31. januar frå ei arbeidsgruppe**

I ein rapport datert 31. januar 2023 foreslo ei arbeidsgruppe, som Domstoladministrasjonen sette ned, endringar i saksbehandlingsreglane i jordskiftelova. Gruppa vart leia av jordskifterettsleiar Øystein Jacob Bjerva. Forslaga vart oversendt til Landbruks- og matdepartementet 28. juni 2023 (sak 23/1397) saman med høyringsinnspel til rapporten frå jordskifterettane. Rapporten og høyringsuttalene ligg ved som vedlegg 3 og 4.

Formålet med rapporten var å vurdere tiltak som kan redusere saksbehandlingstida i jordskifterettane. Forslaga i rapporten er difor knytt til endringar som kan føre til forenkling av arbeidsprosessar, aktiv saksstyring og kortare saksbehandlingstid. Rapporten gir også i punkt 4.1 og 4.3 ei oversikt over jordskifteprosessen og statistikk knytt til saksinngang og saksavvikling.

Arbeidsgruppa gjennomførte i mars 2022 mellom anna ei spørjeundersøking i jordskifterettane for å avdekke flaskehalsar i saksbehandlinga. Undersøkinga er skildra i punkt 4.2 i rapporten. Nær 1/5 av dei som svarte, ga uttrykk for at saksbehandlingstida var ei utfordring. Om lag halvparten av dei som svarte, opplyste at det vert utarbeidd ein plan for behandlinga av kvar enkelt sak, jf. jordskiftelova § 6-6 andre ledd. Arbeidsgruppa meiner at svara viser at det er behov for ein heimel for rettsmekling i jordskiftesaker og eit raskare spor for behandling av enkle saker.

Arbeidsgruppa tok i kapittel 5 for seg forslag til endringar som gjeld den innleiande saksførebuinga. Kapittel 6 inneheldt forslag til forenkling av forslag til jordskifteavgjerd og fastsetjing av grenser, jordskiftelova §§ 6-21 og 6-22. I kapittel 7 drøfta arbeidsgruppa forslag til endringar i ulike avgjerdsformer, jf. jordskiftelova § 6-23. Kapittel 8 gjaldt forslag knytt til rettsmekling, og i kapittel 9 vart det sett fram forslag om enkelte andre lovendingar utan den same samanhengen med saksavviklinga som forslaga i dei andre kapitla. Departementet gjer nærare greie for

dei enkelte forslaga i rapporten og grunngjevinga for dei i tilknytning til vår eiga drøfting i kapittel 4 og 5.

### **2.3. Statistikk, året 2025**

Forslaga i dette høyringsnotatet til lov og forskriftsending må sjåast i lys av sakstal og saksbehandlingstider i jordskifterettane.

Jordskifterettane fekk i året 2025 samla 1.190 saker. Det er eit noko lågare tal enn førre året då jordskifterettane mottok 1.294 saker, men om lag på nivå med talet innkomne saker i 2022 og 2023.

I 2025 avgjorde jordskifterettane 1.332 saker. Dette er eit noko høgare tal enn avgjerdene i dei to førre åra. Det høgste talet avgjerder var i 2022 då jordskifterettane avgjorde 1.402 saker. Talet på saker i restanse har gått ned dei fem siste åra, frå 1.845 saker til 1.332 saker.

Saksbehandlingstida totalt for alle jordskifterettane har gått litt ned i 2025 målt frå førre året. I gjennomsnitt var saksbehandlingstida totalt på 15,3 månader.

Saksbehandlingstida varierer likevel mykje frå sokn til sokn. I dei fleste sokna låg saksbehandlingstida lågare enn gjennomsnittstalet, men i fire sokn låg saksbehandlingstida på mellom 25 og 27 månader. I to av desse sokna har saksbehandlingstida vore aukande dei siste åra.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid har vore noko høgare for rettsendrande saker enn for rettsfastsetjande saker. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for rettsendrande saker var 17,7 månader. I gjennomsnitt vart rettsfastsetjande saker avgjorde etter 14,2 månader. I 2024 vart det foreslått for Stortinget å innføre måltal for saksbehandlingstida. Måлтаlet for rettsendrande saker var 15 månader, og måлтаlet for rettsfastsetjande saker 9 månader.

## **3. Gjeldande rett**

### **3.1. Saksførebuing, krav om sak og jordskifteretten si saksstyring og planlegging for å gjennomføra saka**

Jordskiftelova § 6-1 inneheld reglar om saksbehandlinga og tilhøvet til tvisteloven og lov om skjønn og ekspropriasjonssaker. Etter første ledd gjeld reglane om saksbehandling i kapittel 6 for saker som er reist for jordskifteretten. Dette er rettsendrande og rettsfastsetjande saker. Reglane i lova kapittel 6 gjeld dessutan dersom skjønnsaka er reist i samband med eit anna krav for jordskifteretten.

Jordskiftelova § 6-1 andre ledd listar opp kva for reglar i tvisteloven som også gjeld, anten slik det går fram av paragrafane i jordskiftelova kapittel 6 eller så langt dei høver. Ei av føresegnene i tvisteloven som ikkje er lista opp, er tvisteloven § 9-4 andre og tredje ledd som gjeld saksførebuing. Ei anna føresegn som ikkje er lista opp, er tvisteloven § 9-9 andre ledd som fastset at retten kan samtykke til at saksbehandlinga i retten skal vere skriftleg delvis eller fullt ut dersom partane er samde om dette.

Det første trinnet ved saksførebuinga for retten gjeld betaling av rettsgebyr. Etter rettsgebyrloven § 3 skal gebyret betalast på førehand med mindre det er bestemt noko anna. Unntak er gitt i forskrift 15. februar 1983 nr. 86 etter rettsgebyrloven m.m. (rettsgebyrforskriften) kapittel 3, og gjeld blant anna der saka er reist gjennom advokatar. Unntaka gjeld ikkje saker for jordskifteretten.

I jordskiftelova kapittel 6 romartal II er det fastsett reglar i §§ 6-2 til 6-9 om førebuing av ei sak for jordskifteretten.

Det følger av § 6-2 at ei sak kan reisast ved skriftleg krav til jordskifteretten. Regelen inneheld ut over dette kva for vilkår som er stilt for eit slikt krav. Kravet må vere underskrive, og det må så langt råd nemne kva eigedommar saka gjeld, namnet og adressa til partane, representantane og prosessfullmektigane, om det trengs meddommarar, og om dei bør ha særskild kunnskap, kva parten vil oppnå ved kravet, kva bevis som vil bli ført, og opplysningar om annan dokumentasjon. Det er ein føresetnad at kravet skal utformast slik at det gir grunnlag for ei forsvarleg behandling av saka, og kravet må vere slik at dei andre partane kan ta stilling til det og førebu saka. I tillegg til dette skal kravet om mogleg vise det geografiske området saka gjeld på eit kart. Dersom saka gjeld jordskifte etter jordskiftelova kapittel 3, skal det gå fram av kravet kva for utenleige eigedomstilhøve ein krev at retten skal bøte på. Regelen i § 6-2 kan samanliknast med reglane i tvisteloven om innhaldet i ei stemning til tingretten, men dei to regelsetta er ikkje like. Reglane i jordskiftelova må sjåast i lys av at mange av partane i saker for jordskifteretten er sjølvprosederande.

Jordskiftelova § 6-4 fastset at retten skal undersøkje om vilkåra for å behandle saka er til stades når kravet kjem inn til jordskifteretten. Føresegna gjeld både sak etter jordskiftelova kapittel 3 og 4. Avgjerda om vilkåra for sak er til stades eller ikkje, skal jordskifteretten ta så snart det er grunnlag for det. Jordskifteretten skal vidare føre inn i rettsboka at behandlinga av ei jordskiftesak har teke til. Når det er ført inn i rettsboka at jordskiftesaka har teke til, følgjer det av § 6-19 at kravet ikkje lenger kan trekkjast utan at retten er samd i det. Det er ulike reglar om avgjerdsformer og anke over avgjerder som gjeld formelle og materielle vilkår.

Etter jordskiftelova § 6-5 skal jordskifteretten forkynne kravet for dei andre partane i saka, og be dei kome med sitt syn på saka. Føresegna fastset at partane bør seie si meining om kravet og gi dei opplysningane dei har. Dei bør nemne dei bevisa som vil bli førte, og vise dokumentasjonen dei byggjer på. Merknadene treng ikkje gå lengre enn det som er naudsynt for å gi eit tilstrekkeleg grunnlag for den vidare saksførebuinga. Dersom nokon av partane vil ha meddommarar i det første rettsmøtet i saka, må merknadene innehalde krav om det. Frist for merknader skal normalt ikkje vere kortare enn tre veker.

Jordskiftelova § 6-6 pålegg jordskifteretten ei plikt til å aktivt og planmessig styre saksførebuinga og saka for å oppnå rask prosessøkonomisk og forsvarleg behandling. Det følgjer av andre ledd at retten etter ei drøfting med partane skal lage ein plan for behandlinga av saka. Planen skal gi retten og partane oversikt over saksgangen, tidspunkt for når viktige avgjerder i saka må takast, og når retten ser for seg at saka kan avsluttast. Retten skal halde partane orienterte om endringar i planen.

Det er fastsett i jordskiftelova § 6-7 at jordskifteretten kan kalle inn partane til eit saksførebuande rettsmøte på alle steg i saka. Saksførebuande rettsmøte kan setjast med jordskiftedommaren som einedommar.

Etter jordskiftelova § 6-9 skal jordskifteretten også gjere ei sakleg og geografisk avgrensing av saka. Avgrensinga skal byggje på dei krava som er reiste og som partane har fått høve til å ytre seg om. Retten kan be partane om å fremje krav om sakleg eller geografisk avgrensing av saka, og retten kan fastsetje frist for slike krav, slik at krav som er sett fram for seint kan avvisast. Retten har plikt til å ta avgjerd om den saklege og geografiske avgrensinga så snart det er grunnlag for det. Dersom retten meiner det må til for å bøte på dei ulaglege eigedomstilhøva i eit jordskifteområde kan han etter fjerde ledd av eige tiltak gå utanom den geografiske avgrensinga i dei krava som er reiste.

Reglane om rettsmøte er fastsett i jordskiftelova kapittel 6 romartal III. Jordskiftelova § 6-10 gjeld innkallinga til rettsmøte. Det går fram av lova at retten skal forkynne innkalling til det første ordinære rettsmøtet for alle saka vedkjem. Namna til medlemmene av retten skal stå i innkallinga, og fristen for innkalling skal vere minst to veker. Etter jordskiftelova § 6-13 skal jordskifteretten føre rettsbok i rettsmøte, og reglane i tvisteloven kapittel 13 romartal II gjeld så langt dei høver. Partane skal ha tilgang til rettsboka.

## **3.2. Mekling, rettsmekling og rettsforlik**

### **3.2.1. Mekling for jordskifteretten**

Det er fastsett i jordskiftelova § 6-17 at jordskifteretten på eit kvart steg i saka har plikt til å vurdere om mekling kan føre til minneleg løysing. Tvisteloven § 8-1 fastset ei tilsvarende plikt for tingrettane. Meklinga skal skje ved at retten i rettsmøte eller gjennom annan kontakt med partane søkjer å leggje grunnlaget for ei minneleg løysing. Under meklinga kan retten ikkje halde møte med kvar part for seg, eller ta imot opplysingar som ikkje kan gjerast kjende for alle partar. Retten kan heller ikkje kome med løysingsforslag, råd eller synspunkt som kan svekkje tilliten til at retten er upartisk.

Det er vidare fastsett i §§ 6-21 og 6-22 at jordskifteretten skal utarbeide forslag til jordskifteavgjerd og fastsetjing av grense med meir, og leggje det skriftleg fram for partane. Gjeld saka jordskifte, skal forslaget behandlast i rettsmøte. Løysinga er annleis enn løysinga for tingretten, og er ei form for lovfastsett mekling. Sjå omtale av føresegnene i punkt 3.3.

### **3.2.2. Rettsmekling for jordskifteretten**

I tillegg til regelen i jordskiftelova § 6-17 om mekling, er det fastsett heimel for rettsmekling i § 6-18. Føresegna gjeld i rettsfastsetjande saker etter jordskiftelova kapittel 4 dersom det er tvist mellom partane. I slike høve gjeld reglane i tvisteloven kapittel 8 II for rettsmeklinga så langt dei høver. Jordskiftelova har ingen særlege reglar om rettsmekling i kapittel 4-saker der det ikkje er tvist mellom partane.

Tilvisinga til reglane i tvisteloven går også fram av jordskiftelova § 6-1 andre ledd som i meir generell form viser til at tvisteloven kapittel 8 Mekling og rettsmekling i dei alminnelege domstolar gjeld slik det går fram av paragrafane i jordskiftelova og elles så langt dei høver. Etter tvisteloven kapittel 8 har dei allmenne domstolane plikt til både å vurdere mekling og rettsmekling. Har tingretten vedteke at det skal vere rettsmekling, kan det mellom anna haldast møte med partane kvar for seg eller samla, sjå tvisteloven § 8-5 første ledd. Har ein dommar vore rettsmeklar i saka, kan han berre delta i den vidare behandlinga av saka viss partane ber om det og dommaren sjølv ikkje finn det tvilsamt, sjå tvisteloven § 8-7 andre ledd. Reguleringane av mekling og rettsmekling er såleis ulike på fleire punkt.

Det er lagt til grunn i jordskiftelova § 6-18 tredje ledd at teknisk personale som nemnt i jordskiftelova § 2-3 andre ledd første punktum kan vere rettsmeklarar, og at om rettsmeklinga ikkje fører fram, kan teknisk personale som eit utgangspunkt ta del i det vidare tekniske arbeidet med saka. Jordskifteretten har etter § 6-18 fjerde ledd plikt til å merkje, koordinatfeste, rapportere og tinglyse resultatet av rettsmeklinga.

### **3.2.3 Rettsforlik for jordskifteretten**

Vert partane samde, kan semja fastsetjast ved rettsforlik slik reglane er fastsette i jordskiftelova § 6-26. Det går fram av føresegna at rettsforliket berre kan omfatte slike spørsmål som jordskifteretten elles kan avgjere ved dom. Føresegna gjeld etter dette i prinsippet både i saker der det er tvist der regelen om rettsmekling etter § 6-18 gjeld, og saker utan tvist.

I praksis kan avgjerda i jordskifterettane vere delt slik at spørsmål som høyrer inn under jordskiftelova kapittel 4 vert rettsforlik med rettskraftverknad jf. tvisteloven § 19-15, medan andre spørsmål partane vert samde om og som anten ligg utanfor kapittel 4 i jordskiftelova, eller utanfor lova i det heile, vert ei avtale/forlik mellom partane. Rettsverknadene av semja partane imellom vert såleis ulike.

Jordskiftelova § 6-26 fjerde ledd fastset at retten avgjer fordelinga av sakskostnader dersom rettsforliket ikkje seier noko om denne fordelinga og partane krev ei avgjerd om sakskostnader. Det er vidare fastsett i femte ledd at reglane i tvisteloven §§ 19-11 og 19-12 gjeld så langt dei høver. Det følgjer også av jordskiftelova § 6-1 andre ledd at tvisteloven kapittel 19 gjeld slik det går fram av paragrafane i jordskiftelova og elles så langt dei høver. Tvisteloven kapittel 19 gjeld rettsleg avgjerd og rettsforlik.

Føresegnene om gebyr ved rettsmekling går fram av skjønnsprosessloven og jordskiftelova. Ved rettsmekling i skjønn som eiga sak, fastset skjønnsprosessloven § 11 andre ledd at det skal betalast to gonger rettsgebyret dersom saka vert trekt eller på annan måte vert avslutta før første rettsmøte er halde. Føresegna gjeld både for behandling av skjønn i tingrettane og i jordskifterettane. Vidare er det fastsett i jordskiftelova § 7-2 at inngangsgebyret for eit krav som anten vert avvist eller trekt før realitetsbehandling også er to gonger rettsgebyret. Føresegna gjeld mellom anna ved rettsmekling av rettsfastsetjande saker. Det går samstundes eit skilje mellom rettsmekling i rettsfastsetjande avgjerder utan fastsetjing av grenser og

avgjerder med fastsetjing av grenser. Der jordskifteretten fastset grense, skal jordskifteretten i tillegg til å avgjere grensespørsmålet merke og måle opp grensene også om grensa er ein del av eit rettsforlik. I slike høve gjeld også jordskiftelova § 7-3 som fastset at det skal betalast eit grenselengdegebyr. Gebyret er fastsett i eiga forskrift, og er på to gonger rettsgebyret per påbegynt 0,5 kilometer fastlagd grense.

### **3.2.4. Kort om nokre skilnader mellom mekling og rettsmekling**

Det er fleire skilnader mellom mekling i retten og rettsmeklingsordninga.

Ein skilnad er at domstolen kan påleggje partane rettsmekling. Avgjerdsforma er då vedtak jf. tvisteloven § 8-3 første ledd og jordskiftelova § 6-23 tredje ledd. Det kan berre ankast over vedtaket om det er uforsvarleg, urimeleg eller om den meklaren som er oppnemnd er inhabil. Ein annan skilnad er at rettsmeklaren kan vere meir aktiv enn dommaren elles er ved vanleg mekling. Rettsmeklaren kan til dømes leggje fram forslag til løysingar. Det er også ein skilnad at rettsmeklinga skjer utanfor rettsmøte, og det er mogleg og nokså vanleg å halde separate møte mellom meklaren og partane. Det gjeld vidare reglar om bevisforbod og teieplikt. Om rettsmeklinga ikkje fører fram, kan saka berre førast vidare med den same dommaren dersom partane ber om det, og dommaren ikkje sjølv finn det tvilsamt, jf. tvisteloven § 8-7. I andre høve må saka førast vidare med ein ny dommar.

Mekling i retten vert gjennomført av dommaren i den enkelte saka. Ved rettsmekling kan rettsmeklaren vere den dommaren som førebur saka, ein av dei andre dommarane i domstolen, ein person frå utvalet av rettsmeklarar eller dersom partane samtykker til det, ein annan person utanfor dette utvalet.

### **3.3. Forslag til løysing ved rettsfastsetjande og rettsendrande saker**

Etter jordskiftelova § 6-21 og § 6-22 har jordskifteretten ei lovsett plikt til å utarbeide forslag til avgjerd og leggje forslaget skriftleg fram for partane for uttale før jordskifteretten tek avgjerd i saka. Frist for uttale skal normalt ikkje setjast kortare enn to veker. Forslaget til jordskifteavgjerd skal behandlast i rettsmøte, men kan, dersom ingen av partane set seg imot det, behandlast skriftleg. Forslaget til fastsetjing av grense m.m. etter § 6-22 skal behandlast skriftleg med mindre retten eller nokon av partane meiner det er naudsynt å behandle det i rettsmøte.

### **3.4. Avgjerdsformer, § 6-23**

Jordskiftelova § 6-23 inneheld ein regel om kva for avgjerdsformer jordskifteretten tek. Første til tredje ledd gjeld dom, orskurd (kjennelse) og vedtak (beslutningar). Dette er avgjerder som også tingretten tek. I jordskiftelova § 6-23 fjerde ledd er det vidare lista opp ei rekkje avgjerder som er kalla jordskifteavgjerd. Av desse avgjerdene er mellom anna krav om avvising av materielle grunnar, sjå bokstav a, utsett merking og måling, sjå bokstav c og avgjerd om saksomkostningar etter § 7-6, sjå bokstav g. I ei og same sak etter jordskiftelova nyttar jordskifteretten fleire avgjerdsformer. Det er til dømes vanleg å seie dom i rettsfastsetjande sak, men jordskifteavgjerd om utmåling av saksomkostnader. Det er fastsett i § 6-23 femte ledd

at om ei avgjerd er teken i feil form, har det ikkje noko å seie for rettsverknadene eller for prøving av avgjerda i lagmannsretten.

Då jordskiftelova vart vedteken, gjaldt regelen i jordskiftelova § 6-23 fjerde ledd bokstav c berre der merking og måling var utsett. Regelen vart endra ved lov [11 des. 2015 nr. 100](#) slik at avgjerdsforma er den same i sak etter jordskiftelova kapittel 4 og kapittel 3 og der merkinga er utsett, sjå omtale av dette i Prop. 96 L (2014-2015) side 6.

Avgjerdsforma når ei sak ikkje vert avvist er ikkje nemnd i jordskiftelova § 6-23. Borgarting lagmannsrett har i sak LB-2020-6176 lagt til grunn at avgjerdsforma i slike høve er orskurd. Hovudregelen i jordskiftelova § 8-2 er at avgjerdene jordskifteretten tek ikkje kan ankast før heile saka er avslutta. Ein orskurd kan likevel ankast når han er avsagt, jf. jordskiftelova § 8-2 andre ledd.

### **3.5. Andre tema**

Det går fram av jordskiftelova § 1-5 kven som kan reise sak. Krav om sak kan setjast fram av den som eig fast eigedom, eller har rett knytt til fast eigedom, eller av festar. Det følgjer av femte ledd at ein ikkje kan skrive frå seg retten til å krevje sak.

Jordskiftelova § 6-1 andre ledd fastset at tvisteloven § 19-8 om retting av feil gjeld for jordskifteretten. Føresegna i tvisteloven tek ikkje høgde for jordskifteretten si oppgåve som gjeld merking og måling. Om ein feil i det tekniske arbeidet vert oppdaga ved matrikkelføringa i kommunen, er ankefristen normalt ute. Føresegna i tvistelova tek heller ikkje høgde for situasjonen når jordskifteretten etter jordskiftelova § 3-10 har fastsett vedtekter for eit lag og der laget vert nekta registrering i «enhetsregisteret» i Brønnøysund. Også dette avslaget kjem normalt etter at ankefristen er ute.

## **4. Om endringsbehovet**

Oppgåva for jordskifterettane er å gi brukarane av retten gode tenester. For å sikre dette må jordskifteretten ta avgjerder med god kvalitet, og sakene må avviklast innan rimeleg tid. Ønsket om effektiv saksavvikling har også mykje å seie for kostnadene samfunnet har med å oppretthalde jordskifterettane som domstolar. Korleis jordskifterettane løyser oppgåvene sine handlar mykje om arbeidskultur, haldningar i den enkelte domstolen, og om ressursituasjonen er tilfredsstillande. I tillegg har jordskiftelova og anna relevant lovverk tyding som rammeverk, og regelverket kan også verke haldningsskapande for verksemda.

Det er gjort greie for saksbehandlingstida i rapporten frå Domstoladministrasjonen, sjå vedlegg 3 til dette høyringsnotatet, punkt 4.3. Arbeidsgruppa har, som Domstolkommisjonen, vore oppteken av å redusere saksbehandlingstida. Departementet sin omtale i punkt 2.3 over av sakstilgang og saksavvikling viser at den gjennomsnittlege saksbehandlingstida er redusert noko i tida etter at rapporten vart skriven, men jordskifterettane har truleg framleis eit potensial for å redusere gjennomsnittleg saksbehandlingstid. Det gjeld særleg i rettsfastsetjande saker. I den mon endringar i reglane i jordskiftelova om saksbehandling kan leggje til rette for å

reducere denne tida, meiner departementet difor at det er behov for å vurdere om det bør gjerast slike endringar.

I rapporten frå Domstoladministrasjonen har arbeidsgruppa fremja ei rekkje forslag til endringar i den innleiande saksførebuinga. Arbeidsgruppa har dessutan fremja forslag til andre endringar. Endringar tidleg i saksførebuinga får truleg verknad for eit så stort tal saker at endringane kan vere eigna til å redusere den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i jordskifterettane. Departementet meiner såleis at det er viktig å vurdere slike forslag. Andre endringsforslag gjeld få saker. Eventuelle lovendingar på slike felt får truleg ikkje nemnande å seie for den gjennomsnittlege saksbehandlingstida. Endringane kan likevel få verknad for saksbehandlingstida i den enkelte saka. Departementet meiner difor at også slike endringar bør vurderast.

Ved vurderinga av løysingar som kan redusere saksbehandlingstida bør det blant anna leggast vekt på om reglane legg til rette for å utnytte det personalet som er i den enkelte jordskifterett på ein tenleg måte. Dette gjeld mellom anna dommar- og ingeniørressursane.

Departementet har gjort ei nærare vurdering av endringsbehovet i samband med dei enkelte endringsforslaga som er sett fram i punkt 5.

## **5. Departementet sine vurderingar og forslag**

### **5.1. Innleiing**

Jordskiftelova tok til å gjelde 1. januar 2016. Eit mål for lova er å leggje til rette for rettferdig, forsvarleg, rask, effektiv og tillitsskapande behandling av sakene i jordskifteretten, sjå § 1 andre ledd. Målet er på dette punktet det same som målet for tvisteloven. Eit anna mål for jordskiftelova er å leggje til rette for effektiv og rasjonell utnytting av fast eigedom og ressursar til beste for eigarane, rettshavarane og samfunnet. Det skal skje ved at jordskifteretten bøter på utenlege eigedoms- og brukstilhøve, klarlegg og fastset grenser og rettar, og behandlar skjønn og andre avgjerder etter jordskiftelova og andre lover. Jordskiftelova har etter dette til forskjell frå tvistelova, både eit materielt og eit prosessuelt mål.

Forslaga til endringar er i det vidare drøfta i den rekkjefølgja dei har i gjeldande jordskiftelov.

### **5.2. Saksførebuing, krav om sak og jordskifteretten si saksstyring og planlegging for å gjennomføra saka**

#### **5.2.1. Etterskotsvis betaling av gebyr**

I Domstoladministrasjonen sin rapport har arbeidsgruppa i punkt 5.1 foreslått ei endring av rettsgebyrforskrifta slik at saker for jordskifteretten som er reist av ein advokat vert omfatta av unntaket frå å betale gebyr før saka startar opp.

Arbeidsgruppa har peika på at gjeldande løysing med forskotsvis betaling tek tid,

gjere opp mot ein måned. Gruppa viser til at gjeldande løysing med forskotsvis betaling truleg har samanheng med at mange partar for jordskifteretten er sjølvprosederande. Dette har endra seg over tid, og framstillinga viser ei arkivundersøking der om lag femti prosent av sakene for jordskifterettane var registrert med ein eller fleire advokatar på saka.

Landbruks- og matdepartementet er samd med arbeidsgruppa i at det kan vere mykje å hente i form av redusert saksbehandlingstid ved at gebyra i saker som er reist av advokat på vegner av ein part, kan betalast på etterskot. Ei slik endring vil gjelde både rettsendrande og rettsfastsetjande saker. Domstoladministrasjonen sin rapport viser at potensialet for å redusere saksbehandlingstida er stort både med tanke på kor mange saker der det er advokatar med, og med tanke på kor lang tid det praktiske arbeidet med å krevje inn forskotet tek. Departementet kan ikkje sjå at det er sakleg grunn til at behandlinga av gebyret er ulikt for jordskifterettane og tingrettane i slike høve. Departementet foreslår etter dette i tråd med arbeidsgruppa si tilråding ei endring i forskrift om rettsgebyr § 3-1. Forslaget går fram av vedlegg 2. Forslaget er teknisk sett annleis enn arbeidsgruppas forslag. Tilvisinga til jordskiftelova er gjort i opplistinga av rettsreglar i første ledd, i staden for å fastsetje eit eige ledd slik arbeidsgruppa foreslo. Departementet ber høyringsinstansane om å gi innspel til kva som er mest tenleg.

### **5.2.2. Tilhøvet til tvistelova og aktiv saksstyring og planlegging**

I Domstoladministrasjonen sin rapport har arbeidsgruppa i punkt 5.2.2 foreslått ei endring i jordskiftelova § 6-1 andre ledd om tilhøvet til tvistelova og jordskiftelova § 6-6 om aktiv saksstyring og planlegging. Arbeidsgruppa viser til at tingretten etter tvisteloven § 9-4 har plikt til å leggje opp ein plan for den vidare behandlinga av saka. I jordskiftelova § 6-1 er det ikkje vist til at føresegna i tvisteloven gjeld jordskifterettane. I jordskiftelova § 6-6 er innhaldet i tvisteloven likevel ført vidare. Arbeidsgruppa gjennomførte ei undersøking i jordskifterettane som viser at planmøte har vore brukt lite og i varierende grad frå jordskifterett til jordskifterett. Forslaget er at jordskiftelova § 6-1 andre ledd skal vise til tvisteloven § 9-4 andre og tredje ledd, og at jordskiftelova § 6-6 første ledd får eit tillegg slik at jordskifteretten får ein tydelegare heimel som opnar for å kalle inn til planmøte i samsvar med regelen i tvisteloven. Forslaget er at det skal vere opp til dommaren si vurdering om det er tenleg å halde planmøte.

I Prop. 101 L (2012-2013) er det på side 271 vist til at forslaget til jordskiftelova § 6-6 har blitt til etter mønster av tvisteloven § 9-4, men med ei enklare utforming. Det er såleis klårt at jordskifterettane kan gjere nytte av eit planmøte også slik regelen er i dag. Om jordskiftelova endrast slik at planmøte uttrykkeleg er eit alternativ, kan det likevel føre til at planmøte vert brukt i større grad enn i dag fordi regelen vert tydelegare om dette. Ein slik regel vil føre til at jordskiftedommaren må ta stilling til om saka eignar seg for å gjennomføre planmøte. Der planmøtet blir halde, kan det også forplikte partane og domstolen til best mogleg framdrift. Eit planmøte kan auke framdrifta i saka, og føre til at saksbehandlinga blir meir føreseieleg for partane. Samla kan det føre til at saksbehandlingstida vert redusert både i den enkelte saka

og som gjennomsnitt for jordskifteretten si samla behandlingstid. Landbruks- og matdepartementet meiner difor at omsynet til brukarane og kostnadene for samfunnet taler for å bruke planmøte som hjelpemiddel ved avviklinga av saker for jordskifteretten. Departementet foreslår med dette endringar slik det er sett fram av arbeidsgruppa. Sjå lovforslaget romartal I § 6-1 andre ledd og § 6-6 første ledd.

Forslaget inneber at jordskifteretten kan fastsette at det skal gjennomførast eit planmøte. I nokre saker for jordskifteretten, til dømes i saker med mange sjølvprosederande partar, kan eit vanleg planmøte vere utenleg. Slik løysinga er foreslått, er jordskifteretten ikkje nøydd til å halde planmøte i alle høve.

I samband med førebuing av dette høyringsnotatet er det også sett fram forslag om å endre tvisteloven § 9-9 andre ledd som opnar for skriftleg saksbehandling i retten dersom retten samtykker til det og partane er samde om det. Det er vist til at skriftleg behandling kan føre til raskare avvikling av saka der det ligg til rette for det, og at det finns døme på at jordskifteretten har teke regelen i tvisteloven i bruk etter analogi. Landbruks- og matdepartementet meiner lova på ein betre måte vil synleggjere at skriftleg behandling er ein moglegheit dersom tvisteloven § 9-9 andre ledd vert teken inn i opplistinga i jordskiftelova § 6-1 andre ledd. Departementet foreslår ei slik løysing.

### **5.2.3. Krav om sak og sakleg og geografisk avgrensing av saka**

I Domstoladministrasjonen sin rapport har arbeidsgruppa i punkt 5.3 foreslått ei endring i jordskiftelova § 6-2 som gjeld kravet om sak, og i § 6-9 som gjeld den saklege og geografiske avgrensinga av saka. Reglane avviker på mange punkt frå reglane i tvisteloven og gjeld både rettsendrande og rettsfastsetjande saker. Arbeidsgruppa viser til at det ikkje er tenleg at reglane er like for dei to sakstypene, og at reglane for rettsfastsetjande saker bør vera meir i samsvar med reglane i tvisteloven, sjå tvisteloven §§ 9-2, 9-3 og 12-2. Arbeidsgruppa foreslår etter dette også eit tillegg til jordskiftelova § 6-2 slik at det i eit krav om rettsfastsetjande avgjerd skal gå fram av kravet kva for rettar eller eigedomstilhøve kravet gjeld, og for grensefastsetjing kva for grenser jordskifteretten skal ta stilling til. I jordskiftelova § 6-9 foreslår arbeidsgruppa at første ledd vert endra slik at føresegna gjeld rettsendrande saker (jordskiftesak), og at vilkåret i tredje ledd om at avgjerda skal fattast så snart det er grunnlag for det, vert endra til «når det er grunnlag for det».

Føresegna i § 6-9 innskrenkar disposisjonsprinsippet i saker for jordskifteretten. Prinsippet er ei sentral føring for rettsprosessar i Noreg. Innskrenkinga er likevel nødvendig i rettsendrande saker fordi jordskifteretten har eit sjølvstendig ansvar for å sikre at nødvendige offentlege løyver er gitt og at ingen part lir tap, sjå jordskiftelova §§ 3-17 og 3-18. Innskrenkinga kan også ha verdi for sjølvprosederande partar i rettsfastsetjande saker fordi jordskifteretten etter føresegna har eit større ansvar for å skjere til saka enn tingretten har. I Prop. 101 L (2012-2013) s. 268-269 og s. 280-281 er det vist til at løysingane i jordskiftelova § 6-2 og § 6-9 er valde fordi det i jordskifteretten er mange sjølvprosederande partar. Over tid kan det sjå ut til at stadig fleire av partane i ei sak for jordskifteretten ikkje prosederer saka si sjølv, men nyttar fagkunnig hjelp, til dømes advokatar. Dette

gjeld især dei rettsfastsetjande sakene. Forholda i jordskifteretten og tingretten er, når det gjeld dei rettsfastsetjande sakene, såleis meir samanliknbare i dag enn for eitt tiår sidan då jordskiftelova tok til å gjelde.

Om partane i rettsfastsetjande saker får eit større ansvar enn i dag for å avgrense saka sjølv, kan det føre til at jordskifteretten nyttar mindre ressursar på dette arbeidet. I Domstoladministrasjonen sin rapport er det vist til at dei rettsfastsetjande sakene omfattar i overkant av seksti prosent av jordskifterettane sin saksportefølje. Samfunnet sine kostnader ved å gjennomføre saka vil såleis truleg kunne reduserast ved endringane arbeidsgruppa har tilrådd. Ei løysing der partane sjølv har ansvaret for avgrensing av saka er dessutan i samsvar med løysinga i tingretten i slike saker der jordskifteretten og tingretten langt på veg har parallelle arbeidsoppgåver. Samla kan ei endring i tråd med forslaget etter departementet si vurdering truleg føre til endringar i haldningar og redusert saksbehandlingstid i rettsfastsetjande saker.

Forslaget om å endre § 6-9 slik at føresegna berre gjeld sak etter jordskiftelova kapittel 3 vil redusere talet på avgjerder i rettsfastsetjande saker.

Departementet foreslår at parten etter § 6-1 får eit større ansvar for å klargjere temaet i saka enn i dag, og at jordskifteretten etter § 6-9 berre har eit sjølvstendig ansvar for å avklare det saklege og geografiske området for saka i sak etter jordskiftelova kapittel 3. Sjå lovforslaget romartal I § 6-9.

Departementet foreslår også å endre § 6-2 slik at det i eit krav om rettsfastsetjande avgjerd skal gå fram av kravet kva for rettar eller eigedomstilhøve kravet gjeld, og for grensefastsetjing kva for grenser jordskifteretten skal ta stilling til. Løysinga fører til at den som reiser eit krav må ta stilling til kva saka gjeld på eit tidleg tidspunkt. Sjå lovforslaget romartal I § 6-2 nytt femte ledd.

#### **5.2.4. Krav om meddommarar**

Arbeidsgruppa foreslår i punkt 5.4 at jordskiftelova § 6-5 andre ledd skal opphevast. Gruppa viser i samband med dette til LG-2021-14340 der kravet om meddommarar vart sett fram i ei avsluttande fase i saka. Denne moglegheita meiner arbeidsgruppa at ein bør fjerne.

Departementet er samd med arbeidsgruppa i at jordskiftelova § 6-5 andre ledd bør opphevast, sjå lovforslaget § 6-5 andre ledd. Både kravskjema og rettleiar til skjemaet gir tydeleg informasjon om retten til å be om meddommarar. Dette kan også kome tydeleg fram gjennom malar i saksbehandlingsprogrammet LOUISA. Det er såleis ikkje naudsynt at setninga står i lova. Løysinga kan føre til at det vert mogleg for jordskifteretten å styra saka meir aktivt og såleis unngå at kravet om meddommarar ikkje vert sett fram i ei avsluttande fase i saka. Departementet ber høyringsinstansane om deira syn på om endringa kan gjere ein skilnad.

### 5.2.5. Avgjerd om vilkåra for å reise sak er til stades

I Domstoladministrasjonen sin rapport har arbeidsgruppa i punkt 9.4 foreslått to endringar i jordskiftelova § 6-4. Den eine endringa gjeld tredje ledd og forslaget er at jordskifteretten ikkje lenger skal ta avgjerd om vilkåra for sak er til stades eller ikkje så snart det er grunnlag for det, berre når det er grunnlag for det. Arbeidsgruppa viser til at uttrykket «når» er meir presist enn «så snart». Gruppa foreslår dessutan å oppheve jordskiftelova § 6-4 fjerde ledd. Forslaget er at føresegna om at jordskifteretten skal føre inn i rettsboka at behandlinga av ei jordskiftesak har teke til vert innarbeidd i § 6-13 som gjeld rettsboka. Gruppa peiker på at avgjerda om vilkår for sak er til stades er eit viktig steg i behandlinga av saka, mellom anna i høve til litispens, og at det difor er behov for notoritet. Gruppa meiner likevel at avgjerda kan gjerast meir formlaust, til dømes ved brev til partane. Etter gruppa sitt syn høyrer føresegna i fjerde ledd uansett betre heime under jordskiftelova § 6-13 som gjeld rettsboka.

Føresegna i § 6-4 tredje ledd tek høgd for at det kan vere både formelle og materielle vilkår for å behandle ei sak etter jordskiftelova. Føresegna set like vilkår for jordskifteretten si behandling av spørsmåla om vilkåra er oppfylte. Formuleringa i jordskiftelova § 6-4 tredje ledd er noko nær den same som regelen i tvisteloven § 9-6 tredje ledd som bruker uttrykket «så tidlig som mulig». Uttrykket gir etter begge lover retten eit val med, på visse vilkår, å vente med å avgjere eit eventuelt krav om avvising. I saker etter jordskiftelova kapittel 3 kan denne «forlenga» fristen for å ta avgjerd ha meir å seie enn i saker for tingretten fordi jordskifteretten normalt ikkje kan ta stilling til dei materielle vilkåra for jordskifte før eit stykke ut i saka.

Både etter tvisteloven og jordskiftelova har retten ei sjølvstendig plikt til å avvise saker der vilkåra for å behandle ei sak ikkje er oppfylte. Det gjeld anten dette er teke opp av ein eller fleire partar, eller ikkje. Likevel fastset ingen av lovene at retten har plikt til å fatte ei formell avgjerd om vilkåra er oppfylte eller ikkje med mindre ein part har reist dette spørsmålet. Dersom ingen har sett fram påstand om at vilkåra ikkje er til stades, skjer avgjerda etter jordskiftelova § 6-4 tredje ledd formlaust. Forslaget til endring av § 6-4 tredje ledd opnar såleis ikkje for at jordskifteretten berre gjer ei jordskifteavgjerd om spørsmålet når det er behov for ei slik avgjerd, til dømes fordi partane er samde om spørsmålet. Denne opninga finns allereie i gjeldande lov. Sjå mellom anna drøftinga i Prop. 101 L (2012-2013) side 337-339 der departementet gjer greie for konsekvensane av at vedtaket om fremjing fall bort ved innføring av gjeldande jordskiftelov.

Landbruks- og matdepartementet kan ikkje sjå at forslaget til endring av § 6-4 tredje ledd fører til meir effektiv saksbehandling. Dette gjeld korkje redusert saksbehandlingstid i den enkelte saka, eller gjennomsnittleg saksbehandlingstid. Departementet kan heller ikkje sjå at forslaget er drøfta opp mot kva som gjer at regelen i jordskiftelova bør vere annleis enn regelen i tvisteloven på dette punktet. Departementet meiner, slik det også vart lagt til grunn då jordskiftelova vart vedteken i 2013, at reglane om saksbehandling i tvisteloven og jordskiftelova så langt råd bør vera samanfallande. Departementet foreslår etter dette inga endring i

jordskiftelova § 6-4 tredje ledd slik forslaget er fremja i rapporten frå Domstoladministrasjonen.

Plasseringa av påbodet i fjerde ledd om å føre inn i rettsboka at behandlinga av ei jordskiftesak har teke til kan, som arbeidsgruppa er inne på, høyre heime i jordskiftelova § 6-13 som gjeld rettsbok. Etter departementet sitt syn er det likevel nær samanheng mellom jordskiftelova § 6-4 tredje og fjerde ledd, sjå til dømes Prop. 101 L (2012-2013) side 277 der det er vist til at det er behov for ei handling eller avgjerd frå retten si side som desse rettsverknadene kan knytast til. Departementet meiner at det ikkje er ønskjeleg å oppheve innhaldet i regelen i fjerde ledd, og kan heller ikkje sjå at det er noko å oppnå i form av redusert saksbehandlingstid ved å flytte regelen til § 6-13. Departementet foreslår såleis inga slik løysing.

### **5.2.6. Saksførebuande rettsmøte og teknisk saksførebuing**

I Domstoladministrasjonen sin rapport har arbeidsgruppa i punkt 5.5 foreslått eit nytt tredje ledd i jordskiftelova § 6-7 om saksførebuande rettsmøte og teknisk saksførebuing. Etter forslaget kan jordskifteretten avgjere at teknisk personale skal gjennomføre teknisk saksførebuing i saka. Det er vist til at nokre jordskifterettar praktiserer dette, men at det ikkje er ein utbreidd praksis. Arbeidsgruppa meiner at formalisering i lova kan føre til smidigare og meir effektiv saksbehandling.

Regelen er aktuell der teknisk utredar er på staden og måler inn påstandane partane har, eller utfører anna teknisk saksførebuing. I samband med dette er også det å rettleie partane ein naturleg del av oppgåvene. Bruk av drone kan også vere aktuell ved slik saksførebuing. Førebuinga kan skjere saka til på ein høveleg måte, rydde opp i uklåre tilhøve og truleg også spare eitt eller fleire rettsmøte.

Departementet vil peike på at det ikkje er naudsynt med endring av lova for å bruke det tekniske personalet i jordskifteretten på ein slik måte som er foreslått.

Departementet er samstundes samd med arbeidsgruppa i at ei formalisering i jordskiftelova kan føre til smidigare og meir effektiv saksbehandling der ressursane i jordskifteretten vert utnytta på ein betre måte enn i dag. Etter departementet sitt syn kan også løysinga føre til at brukarane av domstolen får eit betre tilbod enn i dag. Vi viser i samband med dette til dei erfaringane som det er gjort greie for i arbeidsgruppa sin rapport. Departementet foreslår såleis ei slik endring, sjå lovforslaget romartal I § 6-7 nytt tredje ledd.

### **5.2.7. Innkalling til rettsmøte**

I Domstoladministrasjonen sin rapport har arbeidsgruppa i punkt 9.2 foreslått ei endring i § 6-10 første ledd. Forslaget er at forkyninga til det første rettsmøtet i saka ikkje skal gå til «alle saka vedkjem», men til partane i saka. I forslaget er det vist til at uttrykket «alle saka vedkjem», opnar for ei svært omfattande forkyning av innkallinga, og at det også er eit uklårt omgrep som bryt med kravet til kontradiksjon etter jordskiftelova § 6-14 og EMK artikkel 6 om rettvis rettargong.

Departementet er samd med arbeidsgruppa i denne endringa. Departementet har ikkje grunn til å tru at ei endring vil føre til redusert saksbehandlingstid, men vil peike på at endringa kan føre til reduserte kostnader knytt til forkynninga i enkelte saker. Departementet foreslår ei slik løysing, sjå lovforslaget romartal I § 6-10 første ledd.

### **5.3. Rettsmekling**

#### **5.3.1. Om mekling og rettsmekling etter jordskiftelova**

Framstillinga i punkt 3.2 av gjeldande rett viser at det er ulike reglar for mekling og rettsmekling sjølv om begge dei to prosessane tek sikte på å løyse saka ved semje. I rettsfastsetjande saker etter jordskiftelova kapittel 4 er det ved tvist fastsett reglar som langt på veg er like reglane om rettsmekling for dei allmenne domstolane. Det er ikkje gitt særlege reglar om rettsmekling i saker etter jordskiftelova kapittel 3 – dei rettsendrande sakene eller for mekling i saker etter jordskiftelova kapittel 4 der det ikkje er tvist.

I Prop. 101 L (2012-2013) s. 311 er det vist til at rettsmekling ikkje høver i spørsmål som gjeld bruken av verkemidla i jordskifte i kapittel 3. I proposisjonen s. 296 uttaler departementet følgjande om spørsmåla om rettsmekling og rettsforlik:

Reglane om rettsmekling blir ikkje gjort gjeldande for dei rettsendrande spørsmåla i ei jordskiftesak. Mekling er ein naturleg del av eit jordskifte, men reglane om rettsmekling høver ikkje. Jordskifteretten lagar forslag, legg dei fram for partane og justerer forslaga. Forslaga til løysing kan inneholde mange element eller enkeltdelar. Partane er kanskje samde i nokre av dei, kan godta andre, men er kanskje usamde i nokre av elementa. Jordskifteavgjerda er gjerne ei «pakkeløysing» som alt i alt gir ei god løysing for eigedommane eller rettane som den gjeld for. Når det ikkje skal vere rettsmekling inneber dette at ein ikkje kan bruke sær møte ved avgjerd etter kapittel 3 i lova. Retten kan ikkje ta i mot opplysningar som ikkje kan gjerast kjend for alle partar. Jordskifteavgjerdene vil heller ikkje kunne bli rettsforlik, noko som vil vere problematisk i høve til at jordskifteavgjerdene skal kunne vurderast på nytt etter 10 år, sjå § 3-37.

I jordskifteloven av 1979 § 89 b fanst det ein heimel for å fastsetje forskrift om arealmekling og rettsmekling for jordskifterettane. Forskrift om rettsmekling i rettsfastsetjande saker vart gitt som ei forsøksordning i FOR-2007-01-22 nr. 80. Det vart ikkje fastsett forskrift om arealmekling, heimelen til å fastsetje forskrift om slik mekling vart heller ikkje ført vidare i gjeldande jordskiftelov.

I Domstoladministrasjonen sin rapport er det gjort greie for ulike alternative reglar om rettsmekling og rettsforlik i rettsendrande saker. Eit alternativ (1) er å innføre jordskiftemekling i tråd med eit tidlegare forslag utarbeidd for Domstolkommisjonen av jordskifterettsleiar Øystein Bjerva. Eitt anna alternativ (2) er å byggje reglane om rettsmekling og rettsforlik noko nærare opp mot reglane i tvisteloven. I samband med alternativ 2 skisserte arbeidsgruppa to versjonar (A og B). Forskjellane mellom versjonane var knytt til bruken av teknisk personale. Arbeidsgruppa valde å foreslå alternativ 2B der teknisk personale berre kan vere rettsmeklar i tvist om grenser, eigedomsrett, rettar og anna for jordskifteretten. Arbeidsgruppa grunngav forslaget slik:

Arbeidsgruppen er etter en samlet vurdering kommet til at alternativ 2, en utvidelse av rettsmeklingsordningen, er den beste løsningen. Det er en fordel å kunne benytte et meklingsspor som er godt kjent fra tvisteloven regler og fra tvistespørsmål i jordskifteretten. Ved å bruke rettsmeklingsordningen slipper vi å etablere et nytt særegent meklingsspor ved siden av rettsmekling og mekling. Etter arbeidsgruppens oppfatning vil dette gi den beste løsningen.

Arbeidsgruppen vil i tillegg understreke at vurderingen av om de materielle vilkårene i jordskiftesakene er oppfylt bør gjøres underveis i meklingen. Rettsmekling i saker etter kapittel 3 bør derfor ledes av en jordskiftedommer, som etter inngått forlik også treffer de avsluttende bestemmelser i saken. Arbeidsgruppen mener dette best kommer til uttrykk i forslaget omtalt som alternativ 2B.

I Domstoladministrasjonen sin rapport er det sett fram forslag om endringer som gjeld rettsmekling og rettsforlik i jordskiftelova §§ 6-17, 6-18 og 6-26. Dei viktigaste forslaga er å utvide heimlane til å gjennomføre rettsmekling, og å inngå rettsforlik slik at dei også gjeld dei rettsendrande sakene i jordskiftelova kapittel 3. Forslaget er å endre jordskiftelova § 6-26 første ledd slik at partane kan «inngå rettsforlik i jordskifteretten etter reglane i tvisteloven § 19-11», og å endre §§ 6-17 og 6-18 slik at særreglane i jordskiftelova om rettsmekling også skal gjelde rettsendrande avgjerder. Bakgrunnen for forslaga er at rettsmekling har vist seg som ein god og effektiv måte å løyse saker som vert avgjort ved dom, og at det er eit godt tilbod til partane i saka. Arbeidsgruppa viser til at rettsmekling kan vere effektivt i enkle og oversiktlege rettsendrande saker.

I rapporten er forslaget i § 6-17 at jordskifteretten på eit kvart steg i saka har plikt til å vurdere både om mekling eller rettsmekling kan føre til minneleg løysing. Vert partane samde, kan resultatet av meklinga fastsetjast ved rettsforlik eller ved at jordskifteretten treff avgjerd basert på semja mellom partane. Gjeld forliket sak etter jordskiftelova kapittel 3, får det ikkje tvangskraft eller rettskraft med mindre jordskifteretten har samtykka i at vilkåra i §§ 3-2, 3-3 og 3-8 er oppfylte, og at løysinga ikkje er i strid med § 3-17. Sperrefrist for nytt jordskifte jf. § 3-37 gjeld jordskifte etter inngått forlik. Forslaget til § 6-18 er at jordskifteretten avgjer om det skal gjennomførast rettsmekling. Ved avgjerda skal det leggjast særleg vekt på kva partane ynskjer, og på moglegheitene for å oppnå ei forenkling eller forlik i saka. Vert partane samde, kan resultatet av meklinga fastsetjast som rettsforlik. Teknisk personale kan ikkje gjennomføre rettsmekling i rettsendrande saker, men kan ta avgjerd knytt til merking og måling, og avgjere spørsmål om sakskostnader etter kapittel 7. I forslaget frå Domstoladministrasjonen si arbeidsgruppe er det lagt til grunn at reglane i tvisteloven kapittel 8 II gjeld for rettsmeklinga så langt dei høver. Arbeidsgruppa har vidare lagt til grunn at meklinga berre skal skje innafør jordskifterettens formelle kompetanseområde. Forslaget i § 6-26 er at reglane i tvisteloven § 19-11 gjeld ved inngåing av rettsforlik.

Departementet har registrert at det er framheva i ulike miljø at rettsmekling og rettsforlik bør vere eit alternativ også i rettsendrande saker.

### **5.3.2. Utvide heimlane for rettsmekling og rettsforlik**

Om rettsmekling vert innført i rettsendrande saker for jordskifteretten, får jordskifteretten eit nytt prosessuelt verkemiddel for å gjennomføre samfunnsoppdraget sitt. Etter Landbruks- og matdepartementet sitt syn har rettsmekling potensial for å redusere saksbehandlingstid og såleis vere eit eigna tilbod til partane i enkle, oversiktlege saker. Departementet viser til at rettsmekling legg til rette for at saka vert avgjort raskare, og dermed med lågare kostnader enn i dag, både for partane og samfunnet. Om det vert semje tidleg i saka, er det grunn til å tru at det vil spare ressursar. Kor stor vinsten kan vere ved å innføre reglar om rettsmekling i rettsendrande saker er likevel uvisst. Det er ikkje mogleg å vite kor mange saker per år som kan vere eigna for rettsmekling, og heller ikkje kor mange saker der ei ordinær mekling etter gjeldande jordskiftelov § 6-17 ville ført fram like raskt. Potensialet for vinst ved å utvide reglane om rettsmekling til å gjelde rettsendrande saker, må etter departementet si vurdering sjåast i lys av at jordskifterettane allereie etter gjeldande reglar har plikt til å vurdere mekling på eit kvart steg i saka. Vinsten av å utvide reglane om rettsmekling til å gjelde rettsendrande saker, er truleg avhengig av om rettskraftverknadene av eit rettsforlik gjer det meir attraktivt for partane å nå fram til ei semje enn om ein berre står overfor eit vanleg forlik. Sjå omtale av skilnader mellom forlik og rettsforlik i punkt 3.2.3.

Departementet er usikker på kor stor effektivitetsvinsten vil vere ved å utvide reglane om rettsmekling til også å gjelde rettsendrande saker. Løysinga kan likevel vere effektiv i den enkelte saka som er til behandling. Departementet foreslår difor, i tråd med forslaget frå Domstoladministrasjonen, å utvide reglane til å gjelde rettsendrande saker.

Departementet meiner at det etter ei samla vurdering er mest tenleg å byggje vidare på den løysinga som gjeld i dag, både i saker for tingretten og for jordskifteretten. Forslaget frå departementet byggjer etter dette vidare på forslaget i Domstoladministrasjonen sin rapport som er omtalt som forslag 2B.

Sjå forslag til endring i § 6-17 første og nytt tredje ledd, § 6-18 første til tredje ledd, endring i jordskiftelova § 6-26 og forslag til ny i § 6-26 a.

### **5.3.3. Reglane om rettsforlik i tvisteloven og reglane i jordskiftelova**

#### **5.3.3.1. Problemstillingar**

Etter gjeldande rett fastset jordskiftelova § 6-1 andre ledd at reglane i tvisteloven kapittel 8 og 19 gjeld med mindre det er gjort unntak i jordskiftelova. Gjeldande reglar om rettsforlik gjeld jordskifteretten sin kompetanse til å avgjere rettsfastsetjande saker ved rettsmekling. Dette er saker der avgjerdene i dei allmenne domstolane og jordskifterettane er nokså like. Dei rettsendrande sakene etter jordskiftelova kapittel 3 er ulike frå dei rettsfastsetjande sakene. Om rettsforlik vert innført i rettsendrande saker, må det såleis takast stilling til om det er naudsynt å utarbeide eigne reglar i jordskiftelova for rettsmekling og rettsforlik, og det må takast stilling til om avvika frå tvisteloven sine reglar skal gjelde for rettsmekling og rettsforlik i jordskifteretten i alle saker, eller berre for dei rettsendrande sakene. Departementet tek nedanfor opp ei rekkje spørsmål, og set fram forslag til slike

reglar. Departementet bed høyringsinstansane særleg om synspunkt på om ein treng reglane, og om det kan vere behov for særreglar også når det gjeld andre spørsmål enn dei som er drøfta.

Tilvisingane i jordskiftelova til tvisteloven kapittel 8 og 19 er i dag nokså sjablonmessige, og det er døme på tilvisingar og oppattakingar som kan gjere det vanskeleg å forstå kva for regel som eigentleg gjeld for rettsmekling og rettsforlik i rettsfastsetjande saker. Drøftinga nedanfor tek difor også opp forslag til endringar som etter departementet sitt syn er aktuelle for rettsfastsetjande saker.

### 5.3.3.2. Kompetanseavgrensingar og fri råderett

Jordskifteretten er ein særdomstol, og rettsmekling og kva det kan gjerast rettsforlik om må skje innanfor jordskifteretten sitt formelle kompetanseområde.

Departementet foreslår i tråd med forslaget frå Domstoladministrasjonen, at jordskiftelova § 6-26 første ledd vert endra slik at kompetansen til jordskifteretten til å gjere rettsforlik ikkje lenger er avgrensa til avgjerder i form av dom.

Avgrensingane i til dømes jordskiftelova §§ 1-2, 1-4, 3-2 med fleire, er avgjerande for kva som vert rettskraftig avgjort ved rettsforliket. Dei er likevel ikkje til hinder for at forhandlingane om forlik også trekkjer inn forhold som ikkje ligg innanfor jordskifteretten sitt kompetanseområde. Gjeld saka til dømes tvist om ei grense, kan det gjerast rettsforlik om kvar grensa går. Dersom partane også trekk inn andre forhold som dei har fri råderett over i forhandlingane, til dømes kven som eig ei brygge, kan dei gjere forlik om også dette, men den siste delen av forliket har ikkje den same rettslege stillinga (rettskraft) som rettsforliket, sjå tvisteloven § 19-12 første ledd.

Jordskiftelova inneheld ikkje eigne reglar som avgrensar rettsforlik til jordskifteretten sitt kompetanseområde i dag, og det er ikkje sett fram forslag om slike reglar i Domstoladministrasjonen sin rapport, sjå rapporten punkt 8.4.1. Departementet meiner heller ikkje at det er nødvendig å lovfeste ein eigen regel som avgrensar rettsforliket på dette punktet. Dersom det i ettertid oppstår tvist om kva som er rettskraftig avgjort gjennom rettsforlik, og kva som berre er eit forlik, kan det, som i dag, reisast sak om dette for tingretten. Dette gjeld både i rettsfastsetjande og rettsendrande saker.

Rettsmekling, slik ordninga er utarbeidd for dei allmenne domstolane, har nær samanheng med at partane har fri råderett over saka. I Domstoladministrasjonen sin rapport er spørsmål knytt til rettsendrande saker og fri råderett drøfta i punkt 8.4.2. Det er mellom anna vist til at partane i nokre rettsendrande saker for jordskifteretten kan ha noko nær fri råderett, medan partane i andre saker ikkje fritt kan avtale endringar. Der partane ikkje har fri råderett, vert jordskifteretten ein garantist for den endelege jordskifteløysinga. Eit døme på dette er arealbyte etter jordskiftelova § 3-4 der ei avtale kan vere betinga av løyve frå forvaltninga, til dømes jordlova § 12, plan- og bygningsloven § 20-5 fjerde ledd bokstav a) og matrikkelloven § 10 femte ledd. Jordskifteretten skal i slike høve sikre at offentlege omsyn vert ivareteke. Sjå

jordskiftelova § 3-17 som mellom anna fastset at nødvendige offentlege løyve skal liggje føre når jordskifteretten tek avgjerd om den endelege jordskifteløysinga.

I saker etter jordskiftelova kapittel 3 skal jordskifteretten dessutan kontrollere og gå god for at dei materielle vilkåra for å gjennomføre eit jordskifte er oppfylt. Dette gjeld mellom anna at kostnadene og ulempene ikkje overstig nytten for nokon eigedom eller bruksrett, jf. jordskiftelova § 3-18. Utgangspunktet er såleis at partane i mindre grad har fri råderett i dei rettsendrande sakene. Dersom reglane om rettsforlik vert utvida til å gjelde rettsendrande saker slik departementet har foreslått, bør jordskifteretten etter departementet sitt syn ha den same oppgåva som garantist også ved rettsforlik.

Manglande fri råderett over saka kan sjåast som eit argument mot å innføre eit prosessuelt spor med rettsmekling i rettsendrande saker. I Domstoladministrasjonen sin rapport er forslaget å utvide kompetansen, og å innarbeide ein supplerande regel om at jordskifteretten ved fastsetjing av rettsforlik i rettsendrande saker har plikt til å kontrollera dei same forholda som ved utarbeiding av jordskifteløysinga, sjå utkastet deira til jordskiftelov § 6-17 nytt fjerde ledd. Departementet foreslår ein slik regel og meiner regelen bør utvidast til også å synleggjere at avgjerd etter § 6-23 fjerde ledd basert på semje også er omfatta. Departementet foreslår at regelen vert innarbeidd i § 6-28 nytt andre ledd. Etter forslaget vil føresegna gjelde avgjerd etter § 6-23 fjerde ledd basert på semje og rettsforlik. Vi viser til at regelen handlar om resultatet av saka, ikkje prosessen fram til resultatet. Sidan jordskifteretten si rolle ved slike avgjerdar i rettsendrande saker er forskjellig frå løysinga i tvisteloven, bør det gå fram av eigne reglar i jordskiftelova. Forslaget gjeld berre rettsendrande saker.

#### 5.3.3.3. Særlege saksbehandlingsreglar

Etter tvisteloven § 8-3 tek retten avgjerd om at det skal skje rettsmekling. Føresegna i første ledd vart endra ved lov 11. mai 2023 nr. 13, og fastset no at retten skal vedta at det skal gjennomførast rettsmekling når han finn at saka er eigna for det. Rettsmekling kan skje i staden for eller i tillegg til vanleg mekling.

I Domstoladministrasjonen sin rapport er forslaget å lovfeste ein tilsvarande regel om avgjerda i jordskiftelova § 6-18 første ledd første punktum. Departementet oppfattar at forslaget ikkje er strengt nødvendig sidan det både i jordskiftelova § 6-1 andre ledd og i § 6-18 allereie er vist til at tvisteloven kapittel 8 gjeld så langt det høver. Etter departementet sin vurdering er det likevel av pedagogisk verdi å få fram i jordskiftelova at det er jordskifteretten som avgjer spørsmålet, og at avgjerda er vedtak jf. jordskiftelova § 6-23 tredje ledd. Mange av brukarane av jordskiftelova er sjølvprosederande. Det har då ein eigenverdi at det ikkje er nødvendig å sjå i fleire lover for å få oversikt over rettsstoda. Departementet sitt forslag går fram av lovforslaget § 6-18 første ledd første punktum, og forslaget frå Domstoladministrasjonen er justert slik at den speglar den nye ordlyden i tvisteloven. Forslaget gjeld både rettsfastsetjande og rettsendrande saker.

I Domstoladministrasjonen sin rapport er forslaget vidare at ordlyden i § 6-18 første ledd nytt tredje punktum skal vere den same som i tvisteloven § 8-3 andre ledd første punktum. Dvs. at retten ved avgjerd om det skal gjennomførast rettsmekling skal leggja vekt på kva for haldningar partane har til slik mekling og kva for moglegheiter det er for å kome fram til eit forlik eller forenkle saka. Også dette meiner departementet at har pedagogisk verdi for brukarane å bli varsla om i jordskiftelova, og departementet foreslår ei slik løysing i lovforslaget § 6-18 første ledd nytt andre punktum. Løysinga gjeld både rettsfastsetjande og rettsendrande saker.

I forslaget frå Domstoladministrasjonen er likevel ikkje tvisteloven § 8-3 andre ledd andre punktum ført inn. Dette skaper uvisse om setninga i tvisteloven er meint å gjelde. Setninga i tvisteloven seier følgjande:

Det legges vidare vekt på om ulikt styrkeforhold mellom partene, kostnadene ved rettsmekling, tidlige meklingsforsøk eller andre forhold gjør rettsmekling betenkelig.

Departementet er usikker på om dette har nemnande praktisk relevans, men meiner at reglane i tvistelova og jordskiftelova bør vere like på dette punktet, og foreslår ei slik endring i lovforslaget § 6-18 første ledd nytt tredje punktum. Løysinga gjeld både rettsfastsetjande og rettsendrande saker.

Mange jordskifterettar er små, og i Finnmark er det berre ein dommar. Om rettsmekling ikkje fører fram, er utgangspunktet i tvisteloven § 8-7 andre ledd at saka skal starte på ny og med ein ny dommar med mindre partane ber om at dommaren skal fortsette behandlinga av saka, og dommaren sjølv finn det ubetenkeleg, jf. tvisteloven § 8-7. Regelen kan føre til at effektiviseringsgevinsten ved rettsmekling i saker for jordskifteretten vert begrensa. Jordskifteretten må i slike høve vurdere om det i staden er ei betre løysing å seie dom eller jordskifteavgjerd i saka. Om det vert fastsett at det kan gjerast rettsforlik i rettsendrande saker for jordskifteretten, kan det vere ei løysing at regelen i tvisteloven ikkje skal gjelde, eller at regelen vert moderert. Departementet har ikkje innarbeidd eit slikt forslag i lovforslaget vedlegg 1 fordi løysinga kan vere uheldige sett i lys av omsynet til habilitet. Dommaren kan til dømes i rettsmeklinga ha gjennomført dialog med partane kvar for seg. Det kan føre til at partane vert utrygge på om løysinga i den etterfølgjande dommen eller jordskifteavgjerda byggjer på utanforliggjande tilhøve.

Dersom det likevel skal gjerast eit unntak frå utgangspunktet om å starte på ny med ein ny dommar der rettsmeklinga ikkje fører fram, er det eit mogleg alternativ å moderera utgangspunktet etter tvisteloven ved å fastsetje eit unntak i jordskiftelova § 6-18 nytt fjerde ledd. Løysinga kan lyde:

Dersom meklinga ikkje fører fram, kan jordskiftedommaren fortsette behandlinga av saka om ikkje partane krev at ny dommar tek over behandlinga.

Gjeldande fjerde ledd vert då femte ledd. Løysinga kan gjelde både rettsfastsetjande og rettsendrande saker, men ho kan også avgrensast til berre å gjelde i rettsendrande saker.

Eit anna alternativ er at jordskifterettane meir aktivt enn i dag nyttar moglegheita etter tvisteloven § 8-4 fjerde ledd til å bruke eksterne rettsmeklarar frå eit felles utval

for domstolane i rettsendrande saker. Sjå tvisteloven § 8-4 fjerde ledd som fastset at domstolleiarane har plikt til å setje opp eit utval av rettsmeklarar. Fleire domstolar kan ha felles utval. Det følgjer av jordskiftelova § 6-1 andre ledd at tvisteloven kapittel 8 gjeld for jordskifterettane. Det same følgjer av jordskiftelova § 6-18 første ledd. Plikta til å setje opp eit utval rettsmeklarar gjeld såleis for jordskifterettsleiarane.

Denne løysinga har likevel avgrensa verdi fordi bruken av ein meklar frå utvalet i så fall bør avgrensast på den same måten som ved bruk av teknisk personale ved mekling. Det inneber at ein meklar frå utvalet berre kan vere aktuell i rettsfastsetjande saker. Departementet har grunngjeve avgrensinga for så vidt gjeld teknisk personale i punkt 5.3.4. Det er der vist til at vurderinga av om dei materielle vilkåra for å halde jordskifte må gjerast undervegs i meklinga. Korkje ein utanforståande meklar eller teknisk personale har kompetanse til å treffe slike avsluttande avgjerder i ei rettsendrande sak.

Departementet legg etter dette til grunn at ei utviding av ordninga med rettsmekling kan gjere denne føresegna meir aktuell enn tidlegare, og departementet ber jordskifterettane om å opplyse om det i praksis er oppretta utval som dette, jf. også om utvalet er felles for fleire domstolar.

Føresegna i § 6-26 gjeld rettsforlik. I tredje ledd er likevel ordet forlik nytta. Dette kan såleis vere uklårt om føresegna gjeld semje eller rettsforlik. Departementet foreslår difor ei endring i føresegna slik at forlik er erstatta med rettsforlik.

Regelen om rettsforlik i § 6-26 femte ledd viser elles til at tvisteloven §§ 19-11 og 19-12 gjeld for rettsforlik jordskifteretten gjer så langt dei høver. I forslag til ny § 6-26 a har departementet utarbeidd reglar om saksomkostnader og kostnader til rettshjelp og anna sakkyndig hjelp. Departementet foreslår som ein følgje av dette at § 6-26 femte ledd vert tilpassa til forslaget.

#### 5.3.3.4. Saksomkostnader og kostnader til rettshjelp mv.

Det er fastsett i jordskiftelova § 7-2 at det kan krevjast inn eit inngangsgebyr ved krav om sak etter jordskiftelova. Gebyret er fem gonger rettsgebyret, men kravet skal setjast ned til to gonger rettsgebyret dersom kravet blir avvist eller trekt før realitetsbehandling. I Domstoladministrasjonen sin rapport er det foreslått at det same skal gjelde der partane vert samde og resultatet av meklinga vert fastsett ved rettsforlik etter § 6-26. Departementet meiner at ein slik avkorting av inngangsgebyret kan stimulere til semje tidleg i saka. Departementet er difor samd i at jordskiftelova § 7-2 andre ledd bør få eit nytt punktum med slikt innhald, sjå lovforslaget. Forslaget gjeld både rettsfastsetjande og rettsendrande saker.

Det følgjer av tvisteloven § 19-11 fjerde ledd at om rettsforliket ikkje fastset fordeling av saksomkostnader, skal retten etter krav frå partane avgjere spørsmålet om saksomkostnader etter skjønn. I Jordskiftelova kapittel 7 er saksomkostnadene noko anna enn saksomkostnader etter tvisteloven. Saksomkostnader i jordskiftelova sin forstand er grovt sagt kostnader i samband med å reise saka og merke og måle eventuelle grenser, sjå §§ 7-1, 7-2, 7-3 og 7-4. Dette er kostnader som i hovudsak vert delt

etter nytten partane har av saka. Kostnader til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp følgjer eit anna spor, sjå § 7-8. Utgangspunktet der er at kvar part skal bere sine eigne kostnader til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp.

I Domstoladministrasjonen sin rapport har arbeidsgruppa foreslått ein regel i jordskiftelova § 6-17 nytt tredje ledd andre punktum som gjeld fordeling av sakskostnader etter jordskiftelova ved minneleg løysing av saker. Jordskiftelova § 6-26 gjeldande fjerde ledd som gjeld rettsforlik for jordskifteretten fastset ein liknande regel som Domstoladministrasjonen i sin rapport har foreslått ført vidare. Forslaget frå Domstoladministrasjonen i § 6-17 er at fordelinga ikkje skal følgje regelen i tvisteloven, men reglane i jordskiftelova kapittel 7. Domstoladministrasjonen foreslår også ein regel om at jordskifteretten etter krav frå ein part tek stilling til spørsmål om fordeling av kostnader til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp etter krav frå ein part. Om partane er samde om løysinga i saka, men ikkje er samde om fordeling av sakskostnadene eller kostnader til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp, er det ikkje til hinder for at retten treff avgjerd basert på semje.

Landbruks- og matdepartementet er samd med Domstoladministrasjonen i at det i jordskiftelova er behov for andre reglar enn regelen i tvisteloven § 19-11. Ei årsak til dette er at disposisjonsprinsippet ikkje gjeld fullt ut i rettsendrande saker. Departementet meiner vidare, i tråd med forslaget frå Domstoladministrasjonen, at det er behov for ein regel om at jordskifteretten kan avgjera fordelinga av sakskostnader og kostnader til rettshjelp der partane er samde om ei løysing, men ikkje er samde om fordeling av kostnadene. Departementet foreslår på bakgrunn av dette ei ny føresegn om fordeling av sakskostnader og kostnader til rettshjelp, sjå ny § 6-26 a som har fått overskrifta Fordeling av kostnader og registrering. Føresegna gjeld både rettsfastsetjande og rettsendrande saker, og gjeld både forlik og rettsforlik.

Som følgje av forslaget til ny føresegn i § 6-26 a er det i forslag til endring i § 6-26 gjeldande femte ledd som vert ny § 6-26 fjerde ledd lagt til grunn at føresegna ikkje lenger skal vise til tvisteloven § 19-12.

Departementet foreslår i andre ledd i føresegna at retten skal ha plikt til å fordele sakskostnadane om dette ikkje er gjort i semja eller i rettsforliket. Fordelinga skjer etter jordskiftelova kapittel 7 slik at nytteprinsippet gjeld, men lovforslaget opnar for at avgjerda om fordeling likevel kan byggje på semje.

I tredje ledd foreslår departementet at jordskifteretten etter krav frå ein part avgjer fordeling av kostnader til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp etter § 7-8. Utgangspunktet er såleis at kvar part skal bere sine eigne kostnader til rettshjelp og til anna sakkunnig hjelp i sak etter kapittel 3 og 4. Ved avgjerd av krav etter kapittel 4 eller etter § 3-13 er forslaget likevel at tvistelova § 19-11 fjerde ledd skal gjelde. Retten skal såleis i slike saker etter krav frå partane avgjere fordelinga etter skjønn. Gjeld semja eller rettsforliket ei rettsendrande avgjerd, gjeld reglane i kapittel 7 om nytte avgjerda om fordeling.

Departementet foreslår, i samsvar med forslaget frå Domstoladministrasjonen, at jordskifteretten kan treffe avgjerd om fordeling av sakskostnader, kostnader til

rettshjelp og anna sakkunnig hjelp sjølv om partane ikkje er samde om fordelinga, sjå § 6-26 a tredje ledd.

#### 5.3.3.5. Rettskraftverknad og sperrefrist for nytt jordskifte

Det følgjer av jordskiftelova § 6-1 andre ledd at tvisteloven kapittel 19 gjeld slik det går fram av paragrafane i jordskiftelova og elles så langt det høver. Når det gjeld rettsforlik er det i jordskiftelova § 6-26 gjeldande femte ledd vist til at reglane i tvisteloven § 19-11 og § 19-12 gjeld så langt dei høver. Etter jordskiftelova § 6-28 gjeld også reglane i tvisteloven §§ 19-13 til 19-16 om tvangskraft og rettskraft så langt dei høver.

Det er fastsett i tvisteloven § 19-12 første ledd at rettsforlik har rettskraftverknad etter tvisteloven § 19-15. Det inneber at avgjerda er bindande for partane i saka. Rettsforliket skal utan realitetsbehandling leggjast til grunn i ei eventuell ny sak der retten tek stilling til kravet for å avgjere saka. Retten skal vidare som eit utgangspunkt avvise ei ny sak mellom dei same partane om eit krav som er rettskraftig avgjort. Reglane gjeld i dag så langt dei høver for rettsfastsetjande avgjerder. For rettsendrande avgjerder er det i jordskiftelova § 3-37 første ledd fastsett at det som er avgjort under jordskifte etter §§ 3-4 til 3-12 eller etter tidlegare jordskiftelov ikkje kan takast opp til ny jordskiftebehandling før ti år etter at det førre jordskiftet vart rettskraftig avgjort. Jordskifteavgjerda har såleis ein slags mellombels rettskraftverknad og det er fastsett sperrefrist for å reise ny sak. I Domstoladministrasjonen sin rapport er det på bakgrunn av dette foreslått ein særregel i jordskiftelova § 6-17 nytt fjerde ledd siste punktum slik at regelen om sperrefrist også skal gjelde ved rettsforlik i dei rettsendrande sakene. Departementet er samd i at det vil vere behov for ein særregel på dette punktet, og foreslår dette. Etter departementet sitt syn høyrer regelen heime i jordskiftelova § 6-26 som gjeld rettsforlik. Sjå departementet sitt forslag til regel i lovforslaget § 6-26 nytt femte ledd tredje punktum. Forslaget inneber at det vert ulike reglar for rettsfastsetjande og rettsendrande avgjerder.

Tvisteloven § 19-12 andre, tredje og fjerde ledd gjeld ugyldige rettsforlik. Føresegnene fastset at rettsforliket anten kan kjennast ugyldig ved dom, eller endrast etter dei reglane som gjeld for ugyldigheit og endring av avtale. Søksmål om ugyldigheit vert reist for tingretten, og tingretten kan i samband med behandlinga av søksmålet også avgjere realiteten i saka i tråd med tvisteloven § 15-4. Fjerde ledd fastset fristar for søksmål om ugyldigheit, mellom anna ein absolutt frist på ti år frå forliket vart inngått for å reise slikt søksmål.

Ugyldigheitsgrunnane kan vere ulike, til dømes at ein part ikkje har handleevne. I rettsendrande saker kan ein materiell svikt vere at rettsforliket ikkje er innanfor reglane i jordskiftelova §§ 3-2, 3-17 eller 3-18. Det kan reisast spørsmål om svikt i dette grunnlaget også skal reknast som ugyldigheitsgrunn. For å fjerne tvil om dette meiner departementet at reglane i tvisteloven § 19-12 andre og tredje ledd ikkje er tenlege der det er gjort rettsforlik i rettsendrande saker. Forslaget om å utvide jordskifteretten sin kompetanse til å gjere rettsforlik i rettsendrande saker krev såleis ein eigen regel. I slike høve kan regelen vere at tingretten tek stilling til om

rettsforliket er ugyldig eller ikkje, men tingretten kan ikkje retta opp feilen gjennom ny behandling av det endrande rettsforliket. Det er såleis eitt alternativ at saka vert delt opp – tingretten behandlar spørsmålet om gyldigheit dersom årsaka er allmenne ugyldigheitsgrunnar knytt til avtalerett, medan jordskifteretten behandlar jordskiftet på ny dersom tingretten kjem til at avgjerda er ugyldig. Under dette alternativet vil spørsmål om gyldigheit på grunn av reglane i jordskiftelova §§ 3-2, 3-17 eller 3-18 likevel høyre inn under jordskifteretten. Eit anna alternativ er at det ikkje er tingretten, men jordskifteretten som behandlar spørsmålet om både ugyldigheit og ny avgjerd om jordskifte. Etter departementet sitt syn fører det siste alternativet til at det vert best samanheng i regelverket, og det fører dessutan til at kostnadene for partane og samfunnet ikkje vert unødig store. Departementet foreslår etter dette ein slik regel i jordskiftelova § 6-26 fjerde ledd første og andre punktum. Forslaget gjeld berre rettsendrande avgjerder, og avgjerdsforma ved prøving for jordskifteretten vert jordskifteavgjerd.

#### 5.3.3.6. Forholdet til matrikkelmyndigheita

Det er fastsett i jordskiftelova § 6-30 at jordskifteretten har plikt til å rapportere inn til matrikkelmyndigheita at det er reist sak, og om resultatet av saka. Vidare er det fastsett i jordskiftelova § 6-31 at jordskifteretten skal sørge for at eit utdrag av rettsboka blir tinglyst så snart alle avgjerder har fått rettskraft og at alt av varig verdi vert med i utdraget. Begge desse oppgåvene skjer i tid etter at jordskifteretten har fatta ei avgjerd. Plikta til å sørge for matrikkelføring og tinglysing bør etter departementet sitt syn også gjelde om det er gjort eit rettsforlik eller ei minneleg løysing. Departementet foreslår med bakgrunn i dette at det i jordskiftelova § 6-26 a fjerde ledd vert vist til at plikta til rapportering og tinglysing etter jordskiftelova §§ 6-30 og 6-31 gjeld tilsvarande der det vert gjort forlik eller rettsforlik i saka. Løysinga gjeld både rettsfastsetjande og rettsendrande saker.

#### 5.3.3.7. Lovteknikk, tilvisingar til tvisteloven kapittel 8

Det følgjer av jordskiftelova § 6-1 andre ledd at tvisteloven kapittel 8 gjeld for jordskifterettane slik det går fram av paragrafane i lova og elles så langt det høver. Når det gjeld rettsforlik er det i jordskiftelova § 6-18 første ledd vist til at reglane i tvisteloven kapittel 8 II som gjeld rettsmekling gjeld så langt dei høver for rettsmekling for jordskifterettane. Departementet meiner at denne dobbelte tilvisinga opnar for tvil om kva som eigentleg gjeld, og foreslår å oppheve tilvisinga i jordskiftelova § 6-18 første ledd. Endringa er inga realitetsendring sidan tvisteloven kapittel 8 uansett gjeld. Forslaget gjeld både rettsfastsetjande og rettsendrande avgjerder.

### 5.3.4. Særleg om teknisk personale og teknisk etterarbeid

Utgangspunktet for rettsmekling og rettsforlik heimla i tvisteloven § 8-4 første ledd er at rettsmeklaren er den førebuaende dommaren i saka, ein av dei andre dommarane

i domstolen, eller ein person frå eit utval av rettsmeklarar for domstolen. I jordskiftelova § 6-18 tredje ledd er det dessutan lagt til grunn at teknisk personale kan vere rettsmeklar. Vidare er det fastsett at det tekniske personalet kan delta i det vidare tekniske arbeidet med saka sjølv om meklinga ikkje har ført fram.

I Domstoladministrasjonen sin rapport punkt 8.4.5 er det vist til at jordskifterettane har ein stor ressurs i den gruppa av tilsette som tidlegare vart omtala som ingeniørar, men som i dag oftast nemnast som tekniske utreiarar eller teknisk personale. Denne gruppa har som ein hovudregel ei treårig utdanning på bachelor-nivå eller tilsvarande. Den viktigaste oppgåva deira er å sørge for kartlegging av grenser, merke og måle eigedoms- og bruksrettsgrenser og skaffe fram teknisk underlag for bonitering, verdsetjing mv. Gruppa gjer også opptak av dronefilm som vert bruka i saka. Denne gruppa har mykje kontakt med partane i saka, og arbeidet deira er ein ledd i å kartlegge om det er tvist i saka og eventuelt kva tvisten gjeld.

I rapporten tilrår arbeidsgruppa likevel at teknisk personale ikkje skal vere rettsmeklar i rettsendrande saker. Arbeidsgruppa viser til at dette har samband med kva for alternativ som gruppa samla meiner er mest tenleg. Gruppa uttaler seg vidare slik om dette:

Arbeidsgruppen vil i tillegg understreke at vurderingen av om de materielle vilkårene i jordskiftesakene er oppfylt bør gjøres underveis i meklingen. Rettsmekling i saker etter kapittel 3 bør derfor ledes av en jordskiftedommer, som etter inngått forlik også treffer de avsluttende bestemmelser i saken. Arbeidsgruppen mener dette best kommer til uttrykk i forslaget omtalt som alternativ 2B.

Departementet er samd med arbeidsgruppa i dei vurderingane som er gjort på dette punktet, og foreslår på bakgrunn av dette å føye til ei opprekning i jordskiftelova § 6-18 tredje ledd første punktum som gjer det klart at kompetansen for teknisk personale er avgrensa til å gjelde tvist om grenser, eigedomsrett, rettar og anna for jordskifterettane. Vidare foreslår departementet ei tilføyning i tredje punktum som fastset at om det tekniske personalet har gjennomført rettsmekling og meklinga har ført fram, har dei heimel til også å treffe avgjerd om merking og måling etter jordskiftelova § 6-23 fjerde ledd bokstav c og avgjere spørsmålet om sakskostnader etter kapittel 7. Sjå lovforslaget § 6-18 tredje ledd første punktum. Dersom forslaget i punkt 5.5.2.2 til endring i avgjerdsform for rettsfastsetjande saker vert gjennomført, vil regelen vere unødvendig.

#### **5.4. Forslag til løysing ved rettsavklarande og rettsendrande saker**

I Domstoladministrasjonen sin rapport har arbeidsgruppa i punkt 6 foreslått eit nytt fjerde ledd i § 6-21 forslag til jordskifteavgjerd. Endringa opnar for at jordskifteretten kan fastsetje ei jordskifteavgjerd, utan at det vert utarbeidd eit forslag til løysing som vert lagt fram for partane. Unntaket frå første til tredje ledd er avgrensa slik at jordskifteretten må finne at saka eignar seg for det. Det må dessutan vere forsvarleg, og det er ein føresetnad at ingen av partane set seg mot det. Før retten tek ei avgjerd etter nytt fjerde ledd, skal partane få høve til å uttala seg.

Omtale av gjeldande rett går fram av punkt 3.3 over. Grunngevinga for regelen slik han er i dag går fram av Prop. 101 L (2012-2013) side 299-302, og føresegna er

nært knytt til prinsippet om kontradiksjon. I proposisjonen er det vist til at reglane i jordskiftelova §§ 6-21 og 6-22 lovfestar kontradiksjonsprinsippet og at dette er reglar som det er viktig for den enkelte parten å vera klar over. Føresegna gjeld alle jordskifteavgjerder på ulike trinn i prosessen, også avgjerder som retten tek undervegs i saka. Som døme på dette er det mellom anna vist til avgjerd av om materielle vilkår for jordskifte er oppfylte, sakleg og geografisk avgrensing av saka og verdsetjing av det som skal gå i byte. I proposisjonen heiter det vidare:

Reglane i lovforslaget §§ 6-21 og 6-22 er heller ikkje meint å vere til hinder for at ein let vere å sende ut forslag til partane, dersom dei er samde om at det ikkje trengst. Når det i § 6-21 tredje ledd og § 6-22 femte ledd er sagt at fristen normalt ikkje skal vere kortare enn to veker, ligg det i dette at partane og kan seie frå seg høyringsfristen, og be retten om å ta avgjerda straks, eventuelt med ei kortare frist enn to veker. Men føresetnaden må vere at partane er samde om denne framgangsmåten. Retten bør i slike tilfelle og gi partane rettleiing og opplyse at ein fråvik «normalordninga» til lova, som mellom anna føreskriv forkynning av forslag til rettsfastsetjande avgjerd. Slik sett blir gjeldande jordskiftelov § 17 a andre ledd fjerde punktum og femte ledd ført vidare i den nye jordskiftelova.

Landbruks- og matdepartementet meiner at forslaget frå Domstoladministrasjonen til nytt fjerde ledd i jordskiftelova § 6-21 gjer innhaldet i gjeldande føresegn tydelegare enn i dag både for domstolen sjølv og for brukarane av jordskiftelova. I tillegg kan auka bruk av denne løysinga i saker som er eigna for ei enklare saksbehandling og der partane er samde føre til kortare saksbehandlingstid i den enkelte saka. Jordskifteavgjerdene har eit temmeleg stort volum saker som vert avgjort som jordskifteavgjerd, sjå jordskiftelova § 6-23 fjerde ledd som viser kva for avgjerder dette gjeld. Sjølv om løysinga vil vere ei unntaksløysing, kan forslaget føre til meir effektiv saksavvikling i den konkrete saka. Ei endring kan også tenkjast å leggje til rette for reduksjon av gjennomsnittleg saksbehandlingstid. Departementet foreslår etter dette endringa, sjå lovforslaget romartal I § 6-21 nytt fjerde ledd.

I gjeldande lov er grunngevinga for reglane i §§ 6-21 og 6-22 i stor grad samanfallande. Dette er etter departementet sitt syn både av betydning for realiteten i saka og det har ei pedagogisk betydning. Sitatet over frå proposisjonen viser at samanfallet blant anna gjeld spørsmålet om jordskifteretten etter ei konkret vurdering kan fatte avgjerd utan å leggja fram forslag til løysing. Slik lovforslaget står, vert det dermed ulike reglar for rettsendrande og rettsfastsetjande saker på dette punktet utan at det ser ut til å vere ein sakleg grunn for forskjellen. Departementet reiser difor spørsmål om forslaget til nytt fjerde ledd i jordskiftelova § 6-21 burde supplerast med ein tilsvarande regel i jordskiftelova § 6-22 nytt sjetste ledd som gjeld rettsfastsetjande avgjerder. Gjeldande sjetste ledd i § 6-22 vert då sjuande ledd. Denne løysinga går ikkje fram av lovforslaget.

## **5.5. Avgjerdsformer**

### **5.5.1. Forslaga i Domstoladministrasjonen sin rapport**

I Domstoladministrasjonen sin rapport har arbeidsgruppa i punkt 7 foreslått endringar i avgjerdsformer etter § 6-23.

Gruppen foreslår at avgjerdsforma som gjeld når eit krav om avvising ikkje fører fram, vert lovfesta. Arbeidsgruppa viser til at jordskiftelova ikkje har nokon regel om kva for avgjerdsform som gjeld dersom det i ei sak er sett fram ein påstand om avvising, og der retten kjem til at påstanden ikkje fører fram. I slike høve er det i LB-2020-6176 lagt til grunn at avgjerdsforma er orskurd. Arbeidsgruppa foreslår at dette vert lovfesta i § 6-23 andre ledd bokstav a.

Arbeidsgruppa viser elles i punkt 7.1 til at det i mange saker vert gjort mange ulike avgjerder i den same saka, og at avgjerdene kan ha ulike avgjerdsformer. Bakgrunnen for forslaga er at forenklingar også kan skje ved å redusere talet på avgjerder som vert gjort i kvar enkelt sak. Arbeidsgruppa har som eksempel vist til at tvist om eigedomsgrense anten kan behandlast av tingretten eller av jordskifteretten. Vert saka behandla av tingretten, ender dette i ei avgjerd som vert ein dom. Vert saka behandla av jordskifteretten, vert det etter gjeldande rett fastsett fire ulike avgjerder i den same saka. Dette er 1) avgjerda om sakleg og geografisk avgrensing av saka etter jordskiftelova § 6-9 (jordskifteavgjerd), 2) tvisten vert avgjort ved dom, 3) eigedomsgrensene vert fastsette, og vert målt inn (jordskifteavgjerd), og 4) Gebyra (normalt grenselengdegebyret) vert fordelte mellom partane etter nytte (jordskifteavgjerd). Dei andre gebyra er som regel ein del av tvisten, og vert omfatta av dommen.

Arbeidsgruppa foreslår i punkt 7.3 å endre avgjerdsforma for resultatet av merke- og målearbeidet. Formålet med dette forslaget er å redusere saksbehandlingstida i saker som gjeld dom slik at dommarane ikkje får meirarbeid ved å skrive fleire avgjerder. Arbeidsgruppa foreslår i samband med dette at det vert innført ein ny paragraf som gjeld retting i jordskiftelova § 6-25 a slik at feil ved merking og måling kan rettast utan å gå gjennom ein ankeprosess. Arbeidsgruppa foreslår vidare å endre avgjerdsforma der sakskostnader vert fordelt etter nytte, dvs. sakskostnader etter jordskiftelova § 7-6. Forslaga gjeld § 6-23 fjerde ledd bokstav c og g.

Forslaga inneber at avgjerdsforma jordskifteavgjerd berre er aktuell dersom kravet anten er reist som ei sak etter jordskiftelova kapittel 3, som eit skjønn i samband med sak etter jordskiftelova jf. jordskiftelova § 5-1, eller der merking og måling er utsett til etter at avgjerda vert gjort. Forslaga inneber vidare at avgjerdsformene for om merking og måling og fordeling av sakskostnader etter jordskiftelova § 7-6 vil verte ulike avhengig av om kravet gjeld sak etter jordskiftelova kapittel 3 eller sak etter jordskiftelova kapittel 4.

## **5.5.2. Departementet sine vurderingar og forslag**

### **5.5.2.1. Krav om avvising som ikkje fører fram, § 6-23 andre ledd**

Når jordskifteretten har teke ei avgjerd om at saka skal avvisast, kan det oppstå spørsmål om avgjerda skal takast som orskurd fordi avgjerda gjeld formelle forhold jf. jordskiftelova § 6-23 andre ledd bokstav a, eller om ho gjeld materielle forhold jf. § 6-23 fjerde ledd bokstav a der avgjerdsforma er jordskifteavgjerd. Det følgjer av jordskiftelova § 6-23 femte ledd at om ei avgjerd er teken i feil form, har det ikkje noko å seie for rettsverknaden eller overprøvinga av avgjerda.

Den same uklårheita oppstår om jordskifteretten kjem til at saka ikkje skal avvist. I slike høve er det ingen regel i jordskiftelova om avgjerdsforma når spørsmålet om avvising er knytt til formelle vilkår. Departementet meiner, som arbeidsgruppa, at dette ikkje er heldig fordi avgjerdsforma har samanheng med når det kan ankast over avgjerda. Hovudregelen om anke i jordskiftelova § 8-2 første ledd er at avgjerda ikkje kan ankast før heile saka er avslutta, medan ein orskurd må ankast når han er avsagd, sjå andre ledd. Når lova ikkje på ein tydeleg måte viser kva for avgjerdsform som er rett, kan ein part kome i skade for å anke for seint, og i verste fall li rettstap. Departementet meiner difor at jordskiftelova på ein tydeleg måte bør vise kva for avgjerdsform som er aktuell i slike høve. Etter departementet sitt syn er løysinga som følgjer av LB-2020-6176 tenleg. Det vil seie at avgjerdsforma ved ei avgjerd om at eit krav om avvising av formelle grunnar ikkje fører fram, bør vere orskurd. Departementet foreslår ei slik løysing. Sjå lovforslaget § 6-23 andre ledd bokstav a.

Forslaget har ikkje samanheng med behovet for meir effektive reglar, men lovfestar gjeldande rett.

#### 5.5.2.2. Merking, måling og sakskostnader, § 6-23 fjerde ledd

Departementet har i punkt 5.2.3 i tråd med forslaget frå arbeidsgruppa foreslått å endre jordskiftelova § 6-9 slik at plikta til å avgrense saka sakleg og geografisk berre skal gjelde jordskiftesaker jf. jordskiftelova kapittel 3. I eksempelet frå arbeidsgruppa, vil dermed ei av dei fire avgjerdene verte borte dersom denne endringa vert vedteken. Departementet drøftar etter dette ikkje denne avgjerda i punktet her.

Departementet har i punkt 3.4 gitt ei framstilling av gjeldande rett som gjeld ulike avgjerdsformer. Det er vidare i punkt 4 vist til at det er eit generelt behov for å gjere tiltak som kan redusere saksbehandlingstida, mellom anna justeringar i lovreglane. Når det gjeld dei konkrete forslaga om å endre reglane i § 6-23 fjerde ledd bokstavane c og d er det ikkje klårt for departementet om ei endring i tråd med arbeidsgruppa sine forslag vil gi nemnande effektiviseringsgevinst. Det kjem heller ikkje klårt fram av arbeidsgruppa si framstilling.

Forslaget frå arbeidsgruppa inneber at avgjerd om merking og måling og fordeling av kostnader etter nytte vert inkorporert i den materielle avgjerda i saka. Spørsmåla vil såleis vere del av dommen i ei sak etter jordskiftelova kapittel 4, og ein del av jordskifteavgjerda i sak etter jordskiftelova kapittel 3. Vert merking og måling utsett, vil avgjerda løysast for seg, og då som jordskifteavgjerd.

Ei endring i samsvar med forslaget fører sjølvstilt til at den tekniske framstillinga i dommen vert endra noko. Det er ikkje utelukka at dette kan gi ein effektiviseringsgevinst. Sjølv om forslaget vert vedteke, skal likevel domstolen ta stilling til merking, måling og fordeling av kostnader, og domstolen må grunngi avgjerda si. Det kan då stillast spørsmål ved om og kor mykje mindre meirarbeid dommaren får. For punktet om merking og måling, kan lovhistorikken tyde på at

jordskifterettane over tid har vore noko vaklande med omsyn til kva som er den mest tenlege løysinga.

I jordskiftelova i 2013 § 6-23 fjerde ledd bokstav c og førearbeida til lova vart det lagt til grunn at spørsmålet om merking og måling skulle vere ein del av dommen, ikkje ei eiga avgjerd, sjå mellom anna Prop. 101 L (2012-2013) side 464. Dette var i tråd med det forslaget som er sett fram av arbeidsgruppa no. Lova vart likevel, etter innspel frå jordskifterettane, endra 11. desember 2015 nr. 100 på dette punktet før jordskiftelova vart sett i kraft. I Prop. 96 L (2014-2015) som ligg til grunn for endringa, er det vist til at den opphavslege løysinga førte til at like saker fekk ulike reglar for samansetjinga av lagmannsretten ved anke, og at det var uheldig.

Departementet uttalte følgjande om endringa:

Departementet ser at reglane rundt merking og måling har fått ei uheldig løysing på dette punktet. Løysinga vil bli enklare og meir tilpassa det handlinga faktisk går ut på dersom resultatet av merkinga og målinga blir å rekne som ei jordskifteavgjerd i alle samanhengar. Føresegna om førebuing av jordskifteavgjerder i § 6-21 bør ikkje gjelde. Ankebehandlinga bør følgje § 8-1 tredje ledd i alle dei tre tilfella over. Departementet foreslår ei slik løysing ved at ordlyden i § 6-23 fjerde ledd bokstav c) blir utvida til å gjelde alle dei tre tilfella over.

Forslaget arbeidsgruppa har sett fram når det gjeld merking og måling er såleis ei reversering av denne endringa. Ved fordeling av grenselengdegebyret etter nytte, vil løysinga vere ny. I høyringa Domstoladministrasjonen har gjennomført forslaga frå arbeidsgruppa, sjå vedlegg 4, har jordskifterettane hatt ulike syn på forslaget frå arbeidsgruppa.

Følgjen av arbeidsgruppa sitt forslag vil vera at samansetjinga i lagmannsretten ved anke over dom følgjer § 8-7 første ledd og domstolloven § 12, medan lagmannsretten ved prøving av jordskifteavgjerd skal setjast med ein jordskiftelagdommar, jf. jordskiftelova § 8-7 andre ledd. Etter gjeldande reglar vert alle avgjerder om merking, måling og fordeling av kostnader behandla etter jordskiftelova § 8-7 andre ledd der vilkåret er at retten skal setjast med jordskiftelagdommar. Løysinga opnar etter dette for ein risiko for at like spørsmål ikkje vert behandla likt i tilfelle anke.

Ein annan følgje av forslaget er at opninga for anke over merking og måling samt fordeling av sakskostnader der avgjerda er knytt til dom vert mindre enn i dag. Årsaka til dette er at reglane i tvisteloven om ankesum gjeld ved anke over dom, men ikkje ved jordskifteavgjerd.

Etter departementet sitt syn bør forskjellane som er nemnde i avsnitta over ikkje ha noko avgjerande å seie for valet av løysing. Sjølv om lova opnar for at ankeinstansen kan verte sett saman ulikt, er det truleg ikkje ein like stor risiko for at like spørsmål ikkje vert behandla likt i dag som det var då gjeldande ankeordning vart utforma. Jordskiftelova § 8-7 første ledd opnar for at førstelagmannen ved avgjerd om samansetjinga av lagmannsretten kan fastsetje at jordskiftelagdommaren skal vere ein av dei tre dommarane. Samansetjinga med to juridiske dommarar og ein jordskiftedommar er i dag godt utprøvd etter snart 10 år, og det er ikkje grunn til å tru at førstelagmannen vil unnlate å bruke denne heimelen

dersom anken gjeld merking, måling eller fordeling av kostnader. Departementet har etter dette i punkt 5.6, i tråd med forslaget frå arbeidsgruppa, foreslått ein ny regel i jordskiftelova § 6-25 a om retting av feil avgjerder som jordskifteretten har teke. I andre ledd i føresegna er det lagt til grunn at jordskifteretten har plikt til å behandle krav frå ein part om mellom anna feil i merke eller målarbeidet sjølv om ankefristen er ute. Ulempa med at feil ikkje kan rettast opp utan at feilen oppfyller kravet til ankesum kan eit stykke på veg vere løyst gjennom dette forslaget.

Departementet ber etter dette høyringsinstansane, og særleg jordskifterettane, om synspunkt på kva for løysing som er mest tenleg, anten å behalde lova slik ho er i dag, eller ei endring i tråd med forslaget frå arbeidsgruppa. I lovforslaget § 6-23 fjerde ledd bokstavane c og g har departementet lagt arbeidsgruppa sitt forslag til grunn.

### **5.6. Andre endringar**

I Domstoladministrasjonen sin rapport har arbeidsgruppa i punkt 9.1 foreslått endringar i jordskiftelova § 1-5 femte ledd som gjeld retten til å skrive frå seg rett til å krevje sak for jordskifteretten. Arbeidsgruppa legg til grunn at føresegna berre gjeld rettsendrande saker, og foreslår at dette kjem tydelegare fram i føresegna.

Det går fram av Prop. 101 L (2012-2013) side 416 at regelen avløyser jordskifteloven av 1979 § 5 siste ledd. Føresegna i den førre lova gjaldt berre rettsendrande saker for jordskifteretten. Formuleringa i forarbeida innskrenkar såleis innhaldet i føresegna. Det er etter dette uklårt om retten til å skrive frå seg ei sak også gjeld rettsfastsetjande saker. Departementet legg til grunn at ei endring i tråd med arbeidsgruppa sitt forslag vil gjere det tydelegare enn i dag at avtalefridomen berre er innskrenka i sak etter jordskiftelova kapittel 3.

Departementet foreslår etter dette ei endring i tråd med arbeidsgruppa sitt forslag, sjå lovforslaget romartal I § 1-5 femte ledd.

I Domstoladministrasjonen sin rapport har arbeidsgruppa i punkt 9.3 foreslått ei ny føresegn i § 6-25 som gjeld retting av feil i avgjerder som jordskifteretten har teke. Gruppa viser til at nokre feil først vert oppdaga når avgjerda skal matrikkelførast eller når ei jordskifteavgjerd om fastsetjing av vedtekter vert registrert i Brønnøysund. I slike høve vil fristen for anke vere ute slik at avgjerda i jordskifteretten er rettskraftig. Forslaget er å fastslå i ein ny regel at hovudregelen om retting, som i dag, er tvisteloven § 19-8. Føresegna gjer vidare unntak frå dette utgangspunktet i dei to skisserte situasjonane dersom krav om retting vert sett fram for jordskifteretten innan seks månader etter at parten vart kjent med feilen eller burde ha gjort seg kjent med han.

Det følgjer av jordskiftelova § 6-1 andre ledd at tvisteloven kapittel 19 gjeld så langt det høver for jordskifterettane. Forslaget frå arbeidsgruppa utvider høvet til å rette avgjerda. Landbruks- og matdepartementet ser at forslaget løyser nokre problem for partane som kan oppstå slik lova er i dag. Departementet foreslår etter dette ei slik endring, sjå lovforslaget romartal I § 6-25 a.

Departementet legg til grunn at føresegna på same måten som regelen i tvisteloven § 19-8 gjeld feil i avgjerda på grunn av skrive- eller reknefeil, misforståingar, forgløyming eller liknande klar feil slik at avgjerda har fått ei utforming som ikkje stemte med meininga retten har hatt. Vidare legg departementet til grunn at avgjerda om retting skal føyast til avgjerda slik at det går fram kva som er retta, og at partane vert underretta om endringa i tråd med føresegna i tvisteloven § 19-5.

Tvisteloven § 19-9 opnar for at det også kan seiast tilleggsavgjerd. Departementet reiser spørsmål ved om det også burde visast til denne heimelen i lovforslaget § 6-25 a.

## **6. Økonomiske og administrative konsekvensar**

Jordskiftelova skal leggje til rette for effektiv og rasjonell utnytting av fast eigedom og ressursar til beste for eigarane, rettshavarane og samfunnet.

Forslaga til endringar tek sikte på å gjere saksbehandlinga i jordskifterettane meir effektiv. Forslaga vil truleg ikkje kvar for seg føre til større endringar i saksavviklinga for domstolane som eit heile. Dei kan likevel i den enkelte saka føre til raskare behandling og såleis vere kostnadssparande både for samfunnet og for partane.

Endringsforslaga i §§ 6-9 om sakleg og geografisk avgrensing og § 6-23 om avgjerdsformer vil krevje endringar i saksbehandlingssystemet LOUISA. Det vil også være nødvendig å utarbeide nye malar og rettleiingsmateriell. Departementet ber høyringsinstansane om å gjere greie for kva for endringsbehov som er aktuelt.

## **7. Merknader til forslaga**

### *Til § 1-5*

Forslaget til endring er skildra i punkt 5.6. Føresegna fastset at det ikkje er mogleg å skrive frå seg retten til å krevje jordskiftesak. Avgrensinga av avtalefridomen vil såleis ikkje lenger gjelde retten til å krevje andre saker etter jordskiftelova kapittel 4 og 5. I slike høve vil det på same måte som i sak for tingretten vere avtalefridom.

### *Til § 6-1 andre ledd*

Forslaget til endring er skildra i punkt 5.2.3.

Det er nytt at føresegna uttrykkeleg fastset at også tvisteloven § 9-4 andre og tredje ledd skal gjelde i sak etter jordskiftelova. Endringa i føresegna har samanheng med endringsforslaget i jordskiftelova § 6-6 som mellom anna skal gjelde planmøte.

Det er også nytt at føresegna fastset at tvisteloven § 9-9 andre ledd skal gjelde i sak etter jordskiftelova. Endringa er inga realitetsendring, men gjer samanhengen mellom tvisteloven og jordskiftelova tydelegare på dette punktet.

### *Til § 6-2 nytt fjerde ledd*

Forslaget til endring er skildra i punkt 5.2.3. Føresegna gjeld innhaldet i krav om sak. Det går fram av den nye føresegna at om det er sett fram eit krav etter kapittel 4, skal det for rettsutgreiing etter § 4-1 gå fram av kravet kva for rettar eller eigedomstilhøve kravet gjeld, og for grensefastsetjing etter § 4-2 kva for grenser jordskifteretten skal ta stilling til. Føresegna har samanheng med forslaget om at § 6-9 om sakleg og geografisk avgrensing av saka berre skal gjelde for jordskiftesak, jf. jordskiftelova kapittel 3. I sak etter kapittel 4 vil såleis regelen i § 6-2 nytt femte ledd om innhaldet i kravet om sak skjere til saka.

#### *Til oppheving av § 6-5 andre ledd*

Forslaget til endring er skildra i punkt 5.2.4. Forslaget inneber at det ikkje lenger er fastsett ein regel om at merknadene til kravet må innehalde krav om meddommarar. Det er etter dette inga tidsfrist for eit slikt krav, og det vert opp til retten gjennom rettleiing av partane å gjere det klart at kravet må setjast fram tidleg i saka.

#### *Til § 6-6 første ledd*

Forslaget til endring er skildra i punkt 5.2.2. Føresegna gjeld jordskifteretten si saksførebuing. Det følgjer av andre punktum at jordskifteretten, på same måte som tingretten, kan bruke planmøte som verktøy for å sikre framdrift i ei sak. Eit planmøte kan vere tenleg i saker der partane er representerte med advokat. Det er opp til jordskifteretten å ta konkret stilling til om det skal vere eit planmøte som del av saksførebuinga. Etter tredje punktum har jordskifteretten den same plikta som tingretten til å styre saka aktivt. Når desse reglane går fram av jordskiftelova, ikkje berre av tvisteloven, gir dei jordskifterettane eit tydeleg signal om kva for reiskapar dei har for å sikre saksavviklinga.

#### *Til § 6-7 nytt tredje ledd*

Forslaget til endring er skildra i punkt 5.2.6. Føresegna gjeld saksførebuaende rettsmøte og gjennomføringa av den tekniske førebuinga av saka. Den fastset uttrykkeleg at teknisk personale kan gjere slike oppgåver dersom jordskifteretten har fastsett det. Jordskifteretten avgjer spørsmålet ved vedtak jf. jordskiftelova § 6-23 tredje ledd.

#### *Til § 6-9 første ledd*

Forslaget er skildra i punkt 5.2.3. Føresegna gjeld jordskifteretten si plikt til å gjere ei sakleg og geografisk avgrensing av saka. Endringa inneber at denne plikta berre skal gjelde i sak etter jordskiftelova kapittel 3. Endringa må sjåast i samanheng med endringane i § 6-1 andre ledd og § 6-2.

#### *Til § 6-10 første ledd andre punktum*

Forslaget er skildra i punkt 5.2.7. Føresegna gjeld innkalling til rettsmøte. Føresegna inneber at retten skal forkynne innkalling til det første ordinære rettsmøtet for partane i saka. Det er ikkje lenger eit krav at retten skal forkynne innkallinga for alle som saka vedkjem. Løysinga er klårare enn den tidlegare ordlyden, og er knytt til kravet om kontradiksjon i jordskiftelova § 6-14 og EMK artikkel 6.

#### *Til § 6-17 første og nytt tredje ledd*

Forslaget er skildra i punkt 5.3 om rettsmekling. Føresegna inneber at jordskifteretten på same måte som før på eit kvart steg i saka skal vurdere om mekling kan føre til minneleg løysing, men gir også heimel for at jordskifteretten skal

vurdere om rettsmekling er aktuelt. I tillegg viser føresegna til at saka sin karakter eller andre forhold kan tale imot ei slik løysing.

#### *Til § 6-18 nytt første til tredje ledd*

Forslaget til endringar i *nytt første ledd* er drøfta i punkt 5.3.3.3 om særlege saksbehandlingsreglar i samband med rettsmekling og punkt 5.3.3.7 om lovteknikk og tilvisingar til tvisteloven kapittel 8. Føresegna er utvida til å gjelde både rettsfastsetjande og rettsendrande saker.

Etter føresegna i første punktum skal jordskifteretten ta stilling til om det i staden for eller i tillegg til mekling etter § 6-7 andre ledd skal gjennomførast rettsmekling. Avgjerdsforma er vedtak, sjå jordskiftelova § 6-23 tredje ledd.

Andre og tredje punktum nemner kva jordskifteretten skal leggje vekt på ved avveginga av om det skal fastsetjast rettsmekling. Innhaldet er på dette punktet det same som innhaldet i tvisteloven § 8-3, og førearbeid og praksis etter tvisteloven gjeld tilsvarande. Innhaldet i uttrykket «problematisk» i utkastet til endring i jordskiftelova er såleis det same som uttrykket «betenkelig» i tvisteloven.

*Andre ledd* gjeld om partane blir samde. Føresegna gir heimel for at jordskifteretten har eit val med tanke på om det skal fastsetjast eit rettsforlik eller om jordskifteretten skal treffe avgjerd basert på semja mellom partane. Det går fram av andre punktum at reglane i ny § 6-26 a andre til fjerde ledd gjeld i slike høve.

Forslaget til endringar i *tredje ledd* er drøfta i punkt 5.3.3.3 om særlege saksbehandlingsreglar i samband med rettsmekling. Forslaget gjeld både rettsfastsetjande og rettsendrande saker.

Etter tredje ledd kan teknisk personale vera rettsmeklarar. Det går fram av andre punktum at dette berre gjeld ved tvist om grenser, eigedomsrett, rettar og anna for jordskifterettane. Saksfeltet dette gjeld, er krav etter jordskiftelova kapittel 4. Det følgjer av forslaget til nytt tredje punktum at den same personen kan merke og måle grenser og avgjere spørsmål om sakskostnader etter kapittel 7 når meklinga har ført fram sjølv om vedkomande har vore rettsmeklar i den same saka. Det går ikkje eksplisitt fram av føresegna, men vedkomande må også kunne merke og måle grenser dersom meklinga ikkje fører fram.

#### *Til § 6-21 nytt fjerde ledd*

Forslaget er drøfta i punkt 5.4. Føresegna opnar for at ei jordskifteavgjerd kan fastsetjast utan at det vert utarbeidd forslag til løysing som vert lagt fram for partane på førehand. Det er ein føresetnad for dette at saka eignar seg for det.

Det er vidare ein føresetnad at det må vere forsvarleg, og at ingen av partane set seg i mot det.

Avgjerdsforma for forenkla behandling er vedtak, jf. jordskiftelova § 6-23 tredje ledd. Det går fram av føresegna at partane skal få høve til å uttale seg før avgjerda vert fatta og at frist for slik uttale normalt ikkje skal vere kortare enn to veker.

#### *Til § 6-23*

Det følgjer av forslaget til endring i andre ledd bokstav a at avgjerdsforma er vedtak når saka vert fremja etter særskilt behandling av ein påstand om avvising. Forslaget er ei kodifisering av avgjerda i Borgarting lagmannsrett, LB-2020-6176.

I forslag til endring i fjerde ledd bokstav c er det lagt til grunn at merking og måling normalt vil vere inkorporert i den materielle avgjerda i saka. Det er då berre nødvendig med ein eigen regel om jordskifteavgjerd dersom merking og måling er utsett. Føresegna er foreslått justert i tråd med dette.

Fjerde ledd bokstav g om fordeling av kostnader er foreslått oppheva. Forslaget inneber at også avgjerda om sakskostnader vert inkorporert i den materielle avgjerda i saka.

Fjerde ledd bokstav h vert fjerde ledd bokstav g.

*Til ny 6-25 a, retting av feil.*

Forslaget er drøfta i punkt 5.6. Føresegna er ny i jordskiftelova og har samanheng med at nokre feil ved avgjerda først vert oppdaga når avgjerda skal matrikkelførast eller når ei jordskifteavgjerd om fastsetjing av vedtekter vert registrert i Brønnøysund. Første ledd viser til at tvisteloven § 19-8 gjeld. Etter andre ledd har jordskifteretten likevel plikt til å behandle eit krav om retting av feil i merke eller målearbeidet eller feil som hindrar at jordskifteløysinga kan førast i offentlege register sjølv om ankefristen er ute. Tredje ledd fastset ein frist på seks månader for slik retting.

*Til § 6-26*

Forslaget til endring i *første ledd* er drøfta i punkt 5.3.2. Det går fram av føresegna at partane har adgang til å gjere rettsforlik for jordskifteretten. I føresegna er avgrensinga for å gjere rettsforlik som er at jordskifteretten kan seie dom oppheva.

Det er ikkje sett fram forslag til endringar i andre ledd.

Forslaget til endring i *tredje ledd* er sett fram i punkt 5.3.3.3. I føresegna er uttrykket forlik endra til å vere rettsforlik.

Gjeldande føresegn inneheld i fjerde ledd ein regel om fordeling av sakskostnader. Forslaget er at regelen vert flytta og innarbeidd i ny § 6-26 a andre ledd. Sjå framstilling av dette i punkt 5.3.3.4.

Nytt *fjerde ledd* er drøfta i punkt 5.3.3.5 som gjeld rettskraftverknad og sperrefrist for nytt jordskifte når det er gjort rettsforlik. Det går fram av første punktum at eit rettsforlik som gjeld ei rettsendrande sak etter kapittel 3 kan kjennast ugyldig av jordskifteretten. Døme på dette kan vere dersom vilkåra i §§ 3-2, 3-3 og 3-18 ikkje er oppfylde. Føresegna byggjer på at kompetansen jordskifteretten har i rettsendrande saker skal vere eksklusiv. Vert det reist sak om eit rettsforlik gjort av jordskifteretten i ettertid, kan saka såleis ikkje reisast for tingretten, slik løysinga er i andre saker jf. tvisteloven § 19-12.

Etter andre punktum kan jordskifteretten om det vert reist sak om rettsforliket er gyldig, gjere ny jordskifteavgjerd om kravet.

Det går fram av jordskiftelova § 6-1 andre ledd at tvisteloven kapittel 19 gjeld så langt det høver. Føresegna i tvisteloven § 19-12 fjerde ledd som fastset ein absolutt frist på ti år for å reise søksmål om rettsforliket, vil gjelde også i saker som dette. Det følger likevel av jordskiftelova § 6-26 fjerde ledd tredje punktum at sperrefrista etter jordskiftelova § 3-37 elles gjeld når det er gjort rettsforlik i ei jordskiftesak og rettsforliket er rettskraftig. Ein part kan såleis krevje ny sak når det har gått meir enn ti år frå rettsforliket vart gjort.

Forslaget til endringar i *femte ledd* er drøfta i punkt 5.3.3.4 i samband med forslaget om å flytte føresegnene om sakskostnader til § 6-26 a. Forslaget gjeld både rettsfastsetjande og rettsendrande saker, og det gjeld både ved forlik og rettsforlik.

Til § 6-26 a

Føresegna er ny. Forslaget til ny føresegn er drøfta i punkt 5.3.3.2 og 5.3.3.4.

Overskrifta viser til at føresegna gjeld fordeling av kostnader og registrering. Første til tredje ledd gjeld sakskostnader, og fjerde ledd gjeld forholdet til matrikkel og tinglysing.

Føresengene i første til tredje ledd er drøfta i punkt 5.3.3.4.

Det går fram av første ledd at retten har plikt til å fordele sakskostnadane om det ikkje er gjort i semja eller i rettsforliket. Fordelinga skjer etter jordskiftelova kapittel 7 slik at nytteprinsippet gjeld, men lovforslaget opnar for at avgjerda om fordeling likevel kan byggje på semje.

Etter andre ledd avgjer jordskifteretten etter krav frå ein part fordeling av kostnader til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp etter § 7-8. Utgangspunktet er såleis at kvar part skal bere sine egne kostnader til rettshjelp og til anna sakkunnig hjelp i sak etter kapittel 3 og 4. Ved avgjerd av krav etter kapittel 4 eller etter § 3-13 vil likevel tvisteloven § 19-11 fjerde ledd gjelde. Retten skal såleis i slike saker etter krav frå partane avgjere fordelinga etter skjønn. Gjeld semja eller rettsforliket ei rettsendrande avgjerd, gjeld reglane i kapittel 7 om fordeling etter nytte.

Det er lagt til grunn i tredje ledd at jordskifteretten kan treffe avgjerd om fordeling av sakskostnader, kostnader til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp sjølv om partane ikkje er samde om fordelinga.

Fjerde ledd er drøfta i punkt 5.3.3.6 som gjeld forholdet til matrikkelmyndigheita. Jordskifteretten skal på same måte som ved andre avgjerder rapportere og tinglyse resultatet av ei semlje, eller eit rettsforlik som har fått rettskraft. Plikta gjeld likevel så langt det høver.

*Til § 6-28 nytt andre ledd*

Føresegna i nytt andre ledd gjeld fullbyrding av rettsendrande avgjerder.

Forslaget er drøfta i punkt 5.3.3.2. Føresegna gjeld fullbyrding av jordskiftesak etter kapittel 3. Om eit forlik eller rettsforlik avsluttar ei slik sak skal jordskifteretten ha funne at vilkåra i §§ 3-2, 3-3 og 3-18 er oppfylte. Fullbyrding av semja eller rettsforliket kan såleis ikkje skje utan at resultatet gir ein skiftegevinst. Jordskifteretten skal dessutan sjå til at resultatet av forliket ikkje er i strid med offentlege løyve, sjå § 3-17.

*Til § 7-2 andre ledd nytt andre punktum*

Forslaget til endringar i § 7-2 andre ledd nytt andre punktum ledd er drøfta i punkt 5.3.3.4 om særlege saksbehandlingsreglar i samband med rettsmekling. Forslaget gjeld både rettsfastsetjande og rettsendrande saker.

Forslaget inneber at rettsgebyret skal setjast ned til to gonger rettsgebyret dersom partane vert samde eller resultatet av meklinga vert fastsett ved rettsforlik etter § 6-26.

*Til forslaget til endring i rettsgebyrforskrifta*

Forslaget er skildra i punkt 5.2.1. Det legg til rette for at gebyra i saker som er reist gjennom advokat kan betalast på etterskot. Løysinga samsvarar med den løysinga som i dag gjeld for tingretten.

## Vedlegg 1 Lovforslag

I

I lov 21. juni 2013 nr. 100 om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. vert det gjort følgjande endringar:

§ 1-5 femte ledd skal lyda:

Retten til å krevje *jordskiftesak* kan ein ikkje skrive frå seg.

§ 6-1 andre ledd skal lyda:

Desse delane, kapitla og paragrafane i [tvisteloven](#) gjeld slik det går fram av paragrafane i lova her, og elles så langt dei høver: kapittel [2](#), [3](#) og [8](#), § *9-4 andre og tredje ledd*, [§ 9-6](#) første og andre ledd, tredje ledd første og andre punktum og fjerde ledd, , § *9-9 andre ledd*, [§§ 9-10](#) og [9-13](#) til [9-17](#), [§ 10-5](#) første og andre ledd, [kapittel 11](#), [§ 12-1](#) første til tredje ledd, [§ 13-1](#) andre til sjette ledd, [§§ 13-3](#) og [13-4](#), [kapittel 13](#) II, [kapittel 14](#), [§ 15-2](#) første ledd bokstav b, [§§ 15-6](#) til [15-8](#), [kapittel 16](#) I, II og III, [§ 16-18](#), [kapittel 17](#), [§§ 18-1](#) og [18-2](#), [kapittel 19](#) og [20](#), [femte del](#) og [sjette del](#).

§ 6-2 nytt fjerde ledd skal lyda:

Gjeld kravet sak etter kapittel 4 skal det for rettsutgreiing etter § 4-1 gå fram av kravet kva for rettar eller eigedomstilhøve kravet gjeld, og for grensefastsetjing etter § 4-2 kva for grenser jordskifteretten skal ta stilling til.

§ 6-5 andre ledd opphevast. Tredje og fjerde ledd vert andre og tredje ledd.

§ 6-6 første ledd skal lyda:

Jordskifteretten skal aktivt og planmessig styre saksførebuinga og saka for å oppnå rask, prosessøkonomisk og forsvarleg behandling. *Jordskifteretten kan kalle inn til planmøte i samsvar med tvisteloven § 9-4 andre og tredje ledd.* [Tvisteloven § 11-6](#) gjeld så langt han høver for plikta jordskifteretten har til å styre saka aktivt.

§ 6-7 nytt tredje ledd skal lyda:

Jordskifteretten kan avgjere at teknisk personale skal gjennomføre teknisk saksførebuing i saka.

§ 6-9 første ledd skal lyda:

Jordskifteretten skal gjere ei sakleg og geografisk avgrensing av *ei jordskiftesak* i samsvar med det eller dei krava som reisast, og som partane har fått ytre seg om.

§ 6-10 første ledd andre punktum skal lyda:

Retten skal forkynne innkalling til det første ordinære rettsmøtet for alle *partane i saka*.

§ 6-17 første ledd skal lyda:

Jordskifteretten skal på eit kvart steg i saka vurdere om mekling *eller rettsmekling* kan føre til minneleg løysing *om ikkje saka sin karakter eller andre forhold talar imot ei slik løysing*.

§ 6-17 nytt tredje ledd skal lyda:

Blir partane samde, kan resultatet av meklinga fastsetjast ved rettsforlik etter § 6-26, eller ved at jordskifteretten treff avgjerd basert på semja mellom partane, jf. § 6-23.

§ 6-18 første til tredje ledd skal lyda:

*Jordskifteretten kan vedta at det i staden for eller i tillegg til mekling etter § 6-17 andre ledd skal gjennomførast rettsmekling. Tvisteloven kapittel 8 II gjeld så langt det høver for rettsmekling i jordskifterettane. Ved avgjerd om spørsmålet skal rettsmeklast, skal det leggjast særleg vekt på kva partane ynskjer og kva moglegheit partane har for å oppnå ei forenkling eller eit forlik i saka. Det skal vidare leggjast vekt på om ulikt styrkeforhold mellom partane, kostnadene ved rettsmekling, tidlegare meklingsforsøk eller andre forhold gjer rettsmekling problematisk.*

Blir partane samde, kan resultatet av meklinga fastsetjast ved rettsforlik etter § 6-26, eller ved at jordskifteretten treff avgjerd basert på semja mellom partane, jf. § 6-23. *Reglane i § 6-26 a andre til fjerde ledd gjeld tilsvarande i slike høve.*

Teknisk personale som nemnt i § 2-3 andre ledd første punktum kan vere rettsmeklarar *i tvist om grenser, eigeomsrett, rettar og anna for jordskifterettane. Dersom meklinga fører fram, kan teknisk personale som har rettsmekla treffe jordskifteavgjerd om merking og måling, jf. 6-23 fjerde ledd bokstav c) og avgjere spørsmålet om sakskostnader etter kapittel 7. Dersom meklinga ikkje fører fram, kan teknisk personale likevel delta i det vidare tekniske arbeidet med saka, om ikkje partane krev at nytt personale tek over dette arbeidet.*

§ 6-21 nytt fjerde ledd skal lyda:

Når saka eignar seg for det, kan jordskifteretten ta jordskifteavgjerd utan slik behandling som følgjer av første til tredje ledd når det er forsvarleg og ingen av

partane set seg mot det. Før retten tek avgjerd om forenkla behandling, skal partane innan ein frist som normalt ikkje er kortare enn to veker få høve til å uttale seg.

Gjeldande fjerde ledd blir nytt femte ledd.

§ 6-23 andre ledd bokstav a skal lyda:

- a) når ei sak skal avvisast fordi formelle vilkår for å ta opp saka ikkje er oppfylte, *eller når saka vert fremja etter særskilt behandling av ein påstand om avvising*

§ 6-23 fjerde ledd bokstav c skal lyda:

- b) merking og *måling* når dette arbeidet er *utsett*

§ 6-23 fjerde ledd bokstav g vert oppheva

Ny § 6-25 a skal lyda:

§ 6-25 a. **Retting av feil**

I ei avgjerd teke av jordskifteretten kan det rettast feil etter reglane i tvisteloven § 19-8.

Krav frå ein part om retting av feil i merke- eller målarbeidet, eller feil som hindrar at jordskifteløysinga kan førast i offentlege register, pliktar jordskifteretten å behandle sjølv om ankefristen er ute.

Krav om retting etter andre ledd må setjast fram innan seks månader etter at parten vart kjent med feilen, eller burde ha gjort seg kjend med forholdet.

§ 6-26 skal lyda:

Partane kan gjere rettsforlik *for jordskifteretten*.

Eit rettsforlik skal førast i rettsboka. Partane og jordskifteretten skal skrive under på rettsforliket.

Retten ser til at *rettsforliket* nøyaktig viser det partane er samde om. Skal *rettsforliket* kunne fullbyrdast må retten fastsetje ein oppfyltingsfrist. Før partane gjer *rettsforlik* skal dei orienterast om verknaden av rettsforlik, jf. [tvisteloven § 19-11](#) tredje ledd.

*Gjeld rettsforliket ei avgjerd etter kapittel 3, kan rettsforliket ved jordskifteavgjerd kjennast ugyldig av jordskifteretten. Om avgjerda er ugyldig kan jordskifteretten gjere ny jordskifteavgjerd om kravet. Sperrefrist i § 3-37 for nytt jordskifte gjeld elles når ei jordskiftesak vert rettskraftig etter at rettsforlik er gjort.*

Elles *gjeld tvisteloven* § [19-12](#) så langt *det høver*

Ny § 6-26 a skal lyda:

§ 6-26 a. ***Fordeling av kostnader og registrering***

Dersom ei semje som nemnd i § 6-17 eller eit rettsforlik ikkje seier noko om fordeling av sakskostnader, skal retten avgjere fordelinga etter kapittel 7. Avgjerda kan baserast på semje.

Retten avgjer etter krav frå ein part fordeling av kostnader til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp etter § 7-8. Ved avgjerd av krav etter kapittel 4 eller etter § 3-13 gjeld tvistelova § 19-11 fjerde ledd. Gjeld semja eller rettsforliket ei rettsendrande avgjerd, gjeld reglane i kapittel 7 for fordelinga.

Retten kan treffe avgjerd om fordeling av sakskostnader, kostnader til rettshjelp og anna sakkunnig hjelp sjølv om partane ikkje er samde om fordelinga.

Reglane i § 6-30 og § 6-31 til å rapportere og tinglyse resultatet av saka og andre avgjerder som har fått rettskraft, gjeld så langt det høver for semje og rettsforlik.

§ 6-28 nytt andre ledd skal lyda:

Ei jordskifteavgjerd etter § 6-23 fjerde ledd basert på semje eller rettsforlik som avsluttar jordskiftesak etter kapittel 3 kan berre fullbyrdast om jordskifteretten har funne at vilkåra i §§ 3-2, 3-3 og 3-18 er oppfylte, og at resultatet ikkje er i strid med bindande offentlege føresegner om arealbruk, eller manglar nødvendige offentlege løyve etter § 3-17.

§ 7-2 andre ledd skal lyda:

Dersom kravet blir avvist eller trekt før realitetsbehandling, skal inngangsgebyret setjast ned til to gonger rettsgebyret. *Det same gjeld dersom partane vert samde eller det vert fastsett eit rettsforlik etter § 6-26.*

II

Lova trer ikraft når Kongen fastset det.

## **Vedlegg 2 Endring av rettsgebyrforskriften**

I forskrift 15. februar 1983 nr. 86 Forskrift etter rettsgebyrloven m.m. (rettsgebyrforskriften),

skal § 3-1 første ledd lyda:

Dersom en sak fremmes av offentlig organ eller praktiserende advokat, kan gebyr etter [rettsgebyrloven § 8](#), [§ 9](#), [§ 10](#), [§ 11](#), [§ 12](#), [§ 13](#), [§ 15](#), [§ 23a](#), [§ 27a](#), [§ 27b](#), og lov 21. juni 2013 nr. 100 jordskiftelova kapittel 7, med unntak av gebyr for skjønn og takster holdt ved et lensmannskontor eller et namsfogdkontor eller en politistasjon med sivile rettspleieoppgaver, betales etterskuddsvis når saken avsluttes ved vedkommende domstol. Vedkommende advokat er ansvarlig som selvskyldner for rettidig innbetaling av gebyr og sideutgifter.

## **Vedlegg 3: Forenkling av jordskiftelovens saksbehandlingsregler, rapport frå Domstoladministrasjonen 31. januar 2023.**

## **Vedlegg 4: Høyringsuttaler frå jordskifterettane til Domstoladministrasjonen sin rapport.**